


Pål Støylen

På jakt etter mening

Ei kulturanalyse av kva tilnærming norske jegerar har til elgjakt



HSN



Masteroppgåve i idretts- og friluftslivsfag 2016

Pål Støylen

På jakt etter Meaning

Ei kulturanalyse av kva tilnærming norske jegerar har til
elgjakt

Høgskolen i Sørøst-Norge

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

Høgskolen i Sørøst-Norge
Fakultet for allmennvitenskapelige fag
Institutt for idretts- og friluftslivsfag
Kjølnes ring 56
3918 Porsgrunn

<http://www.usn.no>

© 2016 Pål Støylen

Denne avhandlingen representerer 60 studiepoeng

Samandrag

Denne masteroppgåva gjer ein kulturanalyse av kva tilnærming ulike jegerar har til elgjakt. Ho tek utgangspunkt i tre jaktlag, i kategoriane bygdejegerar, byjegerar og leigejegerar. Sentrale funn i samanlikninga av desse er ein del likskapar og ein felles etos som ser ut til å gjelda for jegerane på tvers av bakgrunn i dei ulike jaktlaga. Analysen startar med å drøfta skilnadar kring verdsetjing av kjøtet og jaktterrenget som kontekst. Ved å nytta sosialisering som analytisk perspektiv får vi innblikk i korleis bygdejegeren har ei særeiga sosialisering inn i jaktlaget, mens by- og leigejegerane har vorte introduserte til jakt på andre vis. Samstundes vert den uformelle sosialiseringa i jaktlaga framheva som ein viktig faktor i jegeropplæringa. Mot slutten skildrar oppgåva idealtypene «spenningsjegeren» og «opplevingsjegeren», og eg argumenterer for at det er større *individuelle* skilje mellom jegerane enn mellom dei tre kategoriane.

Abstract

This thesis is a cultural analysis of various hunters' approach to the field moose hunting. It is based upon three different hunting teams, which represent the following categories: rural hunters, urban hunters and rental hunters. Central findings in the comparison of these were mainly similarities and an ethos that seems to apply for hunters in all three categories. The analysis starts by discussing how the hunters differ in their valuation of the meat and how the hunting terrain plays different roles in the various hunting teams. By implementing socialization as an analytic perspective, we gain insight into how the rural hunters go through a special socialization into becoming a hunter, whereas urban hunters have been introduced into hunting otherwise. At the same time, the informal socialization is highlighted as an important segment in the hunters' tutoring. Finally, two ideal types are portrayed, one as the "experience hunter" and the other as the "thrill seeking hunter". Here I argue that the individual differences between the hunters are larger than the differences between the three categories.

Forord

Denne masteroppgåva har vore utfordrande på fleire vis. Det kanskje mest utfordrande har vore å sitja inne og skrive når vêret lokkar ein friluftslivsentusiast ut på tur. Samstundes har prosessen leidd meg til nye perspektiv både på friluftsliv og på det å vera jeger. Etter å ha sett nærmare på kva tilnærming ulike jegerar har til jakt, er det ikkje til å unngå at eg framleis freistar å kategorisera jegerar eg pratar med, utifrå funna i denne oppgåva.

Men eg hadde ikkje klart å gjennomføra denne studien aleine – det er fleire som har hjulpet meg på vegen. Først og fremst vil eg takka alle jegerane som har delteke i studien, og som har inkludert meg på ein god måte og delt tankane sine med meg. Utan dykk hadde ikkje studien vore mogleg å gjennomføra.

Statskog vil eg takka for at de har hjulpet meg med å koma i kontakt med jegerar.

Den gode rettleiaren min, Bjørn Tordsson, vil eg takka for eit godt samarbeid og for at du svarar raskt på e-post og gir nyttige tilbakemeldingar. Evy Beate Tveter vil eg særleg takka for hjelp til den skriftlege framstillinga.

Takk til bror min, Marius Korsnes, for kritiske tilbakemeldingar og tips og triks i skriveprosessen.

Ei takk går også til min kjære sambuar, Trine, som har vore støttande heile vegen. Sist, men ikkje minst vil eg seia takk til alle medstudentane mine, som har sørgt for god stemning på masterlabben.

Bø i Telemark, august 2016

Pål Støylen

Innhald

Abstract.....	4
Forord	5
1 Innleiing.....	8
1.1 Bakgrunn for studien	9
1.2 Problemstilling.....	11
1.3 Tidlegare forskning	12
2 Omgrepsavklaring og teori.....	17
2.1 Syn på jakt	18
2.2 Kulturanalyse	19
2.3 Etos.....	21
2.4 Sosialisering	22
3 Metodisk tilnærming.....	24
3.1 Deltakande observasjon	24
3.1.1 Førebuing.....	25
3.1.2 Rolla til forskaren.....	26
3.1.3 Eigen ståstad.....	27
3.2 Intervju	28
3.2.1 Val av respondentar	29
3.2.2 Intervjuguide	29
3.2.3 Stad og tid.....	30
3.2.4 Etter intervjuet.....	30
3.3 Jaktlaga.....	31
3.3.1 Utval.....	32
3.3.2 Bygdejaktlaget.....	32
3.3.3 Byjegerane	32
3.3.4 Kollegiet.....	33
4 Rammene for jakta.....	34
4.1 Statskog.....	34
4.2 Grunneigarane.....	35
5 Skilnadar	38
5.1 Kjøtet	38

5.1.1 Kjøtet som ei misvisande legitimering.....	40
5.2 Terrenget	42
5.2.1 Byjegerane.....	43
5.2.2 Kollegiet.....	44
6 Likskapar og sosialisering	46
6.1 Formell sosialisering	46
6.1.1 Ein god dag på jakt.....	47
6.2 Uformell sosialisering og introduksjonen til jakt.....	48
6.2.1 Vedlikehald av normer i jaktlaga	50
6.2.2 Jakthistoriene.....	53
6.2.3 Å veksa opp som jeger eller å verta jeger	54
7 Likskapar og jakt-etos	56
7.1 Kva er ein god jeger?	56
7.2 Jaktkritikk og forvaltning.....	57
7.3 Leigejakt og kommersialisering.....	59
7.4 Lik sjanse (fair play)	63
7.5 Etos	65
7.6 Endring som jeger	67
8 Konklusjon.....	72
9 Siterte verk.....	75
9.1 Vedlegg	79
Informasjon til deltakarar som er med i undersøkinga	83

1 Innleiing

«Jeg vil oppleve naturen tett på. Bevege meg på dyrenes premisser og sansse skogen»

Kurt Oddekalv¹

For mange nordmenn er jakta den fremste tilgangen dei har til friluftsliv og natur. Ein jeger eg møtte ein gong, vart sjokkert då eg fortalde at eg studerte friluftsliv utan at jakt var ein del av utdanninga. Han spurde «kva er igjen då?!». Det syntest merkeleg for han å sjå for seg eit friluftsliv utan jakt.

I samtale med denne jegeren fekk eg inntrykk av ei haldning der han sette spørsmålsteikn ved det å ferdast ærendslaust i naturen, på den måten at han i staden hadde eit reint nytteperspektiv på naturen. Jakta var for han eit slikt ærend som rettferdiggjjer opphald i naturen, gjennom at ein haustar av overskotet, slik tradisjonen er for matauk. Men i vår tidsalder er det ikkje lenger naudsynt å jakta for å skaffa kjøt til mat og skinn til klede. Mat og klede finn vi i butikkar, og jordbruket syter for jamn tilgang til mat. Dermed ser det gamle hovudmotivet for å bruka naturen ut til å ha vorte erstatta med verdier som rekreasjon i ein travel kvardag og sosial omgang (Brottveit & Aagedal, 1999; Pedersen, 2008; St.meld. 39 [2000–2001]).

Jakt syner seg for meg som eit mangfaldig omgrep som dekker mykje. Det finst ulike typar jegerar som jaktar på forskjellige typar vilt, og dei tek i bruk mange teknikkar, tradisjonar og framgangsmåtar. Vi finn alt frå rypejegerar, reinjegerar og elgjegerar til sel-jegerar og rovviltjegerar. Folk flest har gjerne ei viss oppfatning om kva jakt går ut på. Gjennom filmar og historier møter ein forskjellige former for jakt. Då eg var yngre, hadde eg til dømes eit inntrykk av at jakt var ei form for ekstremt friluftsliv. Jegeren er ein person som har god kjennskap til naturen og byttedyret. Han brukar mykje tid i naturen for å tileigna seg kunnskap om byttet. Jakta utset han for mange forskjellige fysiske utfordringar i naturen, og han må tole kulde og svolt. Målet er å få tak i byttet og kunna gleda seg over kjøtet. Eg hadde assosiasjonar til Helge Ingstad og dei spennande jaktskildringane hans. Men møtet med jakta i vaksen alder har endra forståinga mi av jakt. Jaktseasonen er gjerne

¹ Sitert i Danielsen, 2009, s. 45.

kort; for nokre er det berre snakk om ei veke. Ein har mange reglar og normer ein må ta omsyn til. Å fella eit bytte er ikkje det viktigaste for mange. Eg kjenner til fleire som snakkar om at dei har vore mange dagar på jakt utan å ha felt noko som helst.

I denne oppgåva ynskjer eg å problematisera fleire sider ved det å vera jeger. Eg vil undersøkje elgjakt utifrå kva oppfatningar og synspunkt jegerane sjølv har, for dermed å søkja ny kunnskap innanfor temaet elgjakt. Eg byrjar her med å syna korleis eg nærmar meg dette problemområdet, og korleis eg vil gå fram.

1.1 Bakgrunn for studien

Jakt er eit fritidsfelt som inkluderer mange: Heile 455 861 personar er oppførte som registrerte jegerar i jaktåret 2012–2013 (ssb.no, 2013). Det å jakta er i utgangspunktet ein aktivitet som har røter langt tilbake i tid, som ein måte å sikra mattilgang på, eller som ein overlevingsstrategi. Jakta i dag fortonar seg annleis ved at ho gjerne er knytt til ord som rekreasjon, spenning, naturopplevingar, sosialt samhald og forvaltning. Slik sett vil det vera meir vanleg å kalla henne for ein fritidssyssele eller ein hobby. Dette leier meg til å undrast over kva som ligg i det å vera jeger i dag.

Førebels er jakt eit felt det ikkje er forska mykje på. Innsikt i førestillingane og veremåtane til jegerar vil vera nyttig informasjon for viltforvaltninga. Dette vert forsterka gjennom denne utsegna til Bjerke (1993, s. 4): «Mange har innsett at det er vanskeligere å forvalte mennesket og dets behandling av dyrelivet, enn å forvalte en viltart». Slik eg forstår dette sitatet, viser Bjerke til at mennesket si forståing av viltet, eller i dette høvet jegerane si forståing av viltet, pregar den praktiske forvaltninga. Kva jegerar ynskjer å få ut av jakta, kan altså vera nyttig informasjon med tanke på forvaltning av viltet.

Ulike perspektiv på jakttradisjonen kan gi rom for å forstå jegeren utifrå nye kontekstar og situasjonar. Samstundes har regjeringa vist interesse og oppmuntra til å kommersialisera utmarksnæringa vår. Til dømes etterspør landbruksminister Sylvi Listhaug ei utgreiing kring moglegheiter for å privatisera Statskog (nrk.no, 2014). Kva høve jegerane har til å reisa på jakt, heng saman med det leigetilbodet som finst. Dermed er kunnskap om jaktkultur også nyttig i samband med tilrettelegging for jakt. Eg ser for meg at ei forståing av jaktkultur og ulike tilnærmingar til jakt vil kunna vera med i sjølv forståinga av jakt og når ein skal vurdera kva rolle jakta spelar i eit samfunn. I dette høvet vil oppgåva mi tilby

ulike perspektiv på jakta, både for jegerar som leiger terrenget dei jaktar i, og for dei som jaktar på eigen grunn. I denne oppgåva omtalar eg jegerar som leiger jaktterrenget dei jaktar i, som *leigejegerar*.

Før vi ser nærmare på korleis jakt er i dag, kan eit raskt tilbakeblikk minna oss på kvifor det er viktig å forstå notida. Tradisjonelt sett og historisk har jakt vore viktig. Folk har levd i naturen i Noreg i fleire tusen år og livnært seg av jakt. Ikkje lenge etter siste istid fanst det jegerar i norske fjell. Det fanst reinsdyr å jakta på, og kunnskapen og jaktferdigheitene til jegerane var viktige i kampen om å overleve. Jordbruket fekk først feste i Noreg rundt år 500 e.Kr. Då hadde jeger- og fiskesamfunnet halde til i fjella og på kysten i over 5000 år. Jordbrukarane slo seg ned i dei dalføra jegerane ikkje hadde nytta, og tok til å endra det norske landskapet. Bøndene overtok etter jegerane – også i den forstand at jakt og fiske gjekk frå å vera ein heiltidssyssele til meir og meir å verta ei attåttnæring i jordbrukssamfunnet. Jakt og fiske vart eit mål i seg sjølv, og på den måten opna ein opp for leiken, gleden og overskotet ved jakta som moglege nye sider ved aktiviteten. Når jakt ikkje lenger var naudsynt for å overleva, fekk folk høve til å jakta for jakta sin eigen del (Breivik, 1978).

Vidare er det verdt å nemna sportsjegerane som kom til Noreg, som ein kulturell impuls frå utlandet (hovudsakleg den engelske overklassen). Dette starta kring midten av 1800-talet og var på topp rundt 1920. Denne typen jakt var for dei som hadde mykje fritid og pengar, og som søkte utfordringar og spenning for spenninga si eiga skuld. Sportsjakt var ein ny måte å vera i naturen på. Naturkreftene vart utfordra for å visa til at det siviliserte mennesket var overlegen over naturen. Sportsutøvinga vart ein livsstil som gav sosial status. Forteljingane til sportsjegeren sikra han ein sentral posisjon i selskapslivet gjennom vinteren. Ein sportsjeger sende gjerne bilete av seg sjølv i fullt jaktutstyr til vennene og forretningskontaktane sine til jul (Søilen, 1995).

Ser vi på dette tilbakeblikket i historia, gir det meg eit bilete av at det er to retningar innanfor jakta; den eine er meir retta mot matauk og hausting frå overskotet i naturen, mens den andre er meir retta mot spenninga og opplevinga. Aktiviteten er den same, men utgangspunktet er ulikt. Mataukjakta er ofte knytt til bygdejakta og bygdekulturen. I denne samanheng synest eg det er verdt å nemna rapporten til Øystein Vaagen (1996) om den urban-rurale dimensjonen ved jakta. Dette er ein analyse av motiv for jakt deltaking, basert på ei spørjeundersøking i Stor-Elvdal i Hedmark. Hovudkonklusjonen er at det er fleire

likskapar enn ulikskapar mellom urbane og rurale jegerar. Resultata hans tydde også på at det eksisterer visse forskjellar mellom dei to gruppene, slik at haustingsdelen av jaktutbyttet (kjøtet) synest å vera høgare verdsett av rurale jegerar enn av urbane jegerar. På den andre sida var rekreasjonsdelen noko sterkare verdsett av urbane enn av rurale jegerar. Vaagen peikar på at dette mønsteret kan innehalda modifierande faktorar. Jegerar som på førehand hadde tilknytning til jaktterrenget, syntest å ha noko annleis motivasjonsprofil enn dei som ikkje hadde ei slik tilknytning.

Som vi kan lesa meir om i avsnittet om tidlegare forskning, synest det å vera perspektiv som tyder på at bygdejegeren har ei anna tilnærming til elgjakt, og at det finst ein viss skepsis kring utanbygdes og urbane jegerar.

Det ser altså ut som om ein kan snakka om eit skilje mellom ulike typar jegerar, og dette er noko av problemområdet eg er nyfiken på. Dersom jegerar frå bygd og by har ulike motivasjonsprofilar for å jakta, er det interessant å studera kva desse går ut på, og kva det har å seia for praksisen. Skulle meiningsstildelinga i aktiviteten vera ulik, er det i seg sjølv interessant. Slik kan vi danna eit bilete av ein tradisjon som er under stadig endring, og vi kan freista å forstå korleis dette er i dag.

1.2 Problemstilling

Basert på gjennomgangen ovanfor kan eg formulera tre problemstillingar som eg skal sjå nærmare på her. Desse spørsmåla er sentrale i det vidare arbeidet:

- Kva slags tilnærming til jakt kan eg finna i eit jaktlag som er knytt til bygda dei jaktar i, og kva tilnærmingar finn eg i jaktlag som ikkje er det?
- Kva typar skilnadar finst det mellom kva bygdejegerar og leige-/byjegerar verdsett ved jakta? Har dei noko til felles?
- Kva slags meiningsproduksjon kan eg finna hjå dei forskjellige jegerane?

Slik desse problemstillingane viser, er eg interessert i kva jegerar finn meiningsfullt med det å jakta. Forsking på kvifor jegerar jaktar, viser blant anna at mataukmotivet ikkje er like viktig no som før (Andersen, Dervo, & Kaltenborn, 2010). Jegerar har mange forskjellige tilnærmingar til jakt, og dei legg ulike verdiane i det å jakta. Noko av det eg er nyfiken på, er nettopp dei ulike verdiane, normene og haldningane som vert praktiserte, og

kva desse kjem av. I samband med dette er eg også interessert i om det er noko som er felles for jegerane, og kvar likskapar/ulikskapar kan oppstå mellom jegerar. Med andre ord er dette ei oppgåve som tek føre seg elgjakt og jaktkultur. Her må eg presisera at det å ta for seg alle jaktformer vil vera alt for resurskrevjande. Derfor er det storviltjakt og meir spesifikt elgjakt eg avgrensar meg til.

Problemområdet eg siktar mot, tek føre seg lite opplyste perspektiv frå den tidlegare forskinga, der eg stort sett finn forskning som handlar om bygdejakta. Ved å søkja innsikt i kva tilnærming urbane jegerar og leigejegerar har til elgjakt, og ved å setja dette opp mot bygdejegeren dannar vi eit større bilete kring jaktkulturen i Noreg. Denne studien byggjer vidare på inntrykket om dei etablerte perspektiva som viser til at det frå bygdejegeren sitt synspunkt er ein skilnad mellom by- og bygdejegerar.

Tilnærming er eit viktig stikkord for meg. Å skildra kva tilnærming jegerane har til jakt, er ein vesentleg del av analysen, for å vinna forståing av meiningstildelinga i aktiviteten. Dette kan ein gripa på forskjellige vis, men viktige faktorar for meg vil vera kva relasjon jegerane har til staden og jaktterrenget, kva dei verdset på jakt, korleis dei legitimerer jakta, kva dei legg vekt på, og kva sosiale normer som har følgjer for måten dei utøver jakta på. Dermed er likskapar mellom jaktlaga like interessant som ulikskapar, sidan både likskapar og ulikskapar mellom jaktlaga eg skal følgja, vil vera definerande for jaktkulturar som eksisterer i Noreg.

1.3 Tidlegare forskning

Tidlegare forskning på jakt har vore dominert av forskning på elgjakt, og det er ofte økonomiske motiv og rekrutteringsmotiv som har stått i sentrum (Bjerke, 1993). Dei seinare åra har fleire samfunnsvitarar også synt interesse for jaktforskning. I dette avsnittet vil eg greie ut om noko av den tidlegare forskinga som er gjord frå eit samfunnsvitskapeleg perspektiv.

«Jakta på elgjaktkulturen» (Brottveit & Aagedal, 1999) er eit viktig og spennande bidrag til jaktforskning. Ånund Brottveit og Olaf Aagedal står som redaktørar, mens fleire andre samfunnsforskarar har bidrege til boka. Dei analyserer elgjakta utifrå antropologiske og sosiologiske perspektiv med feltarbeid og deltakande observasjon som tilnæringsmåte. Datainnsamlinga skjedde gjennom fleire jaktseongar og i ulike jaktlag. Blant anna

skisserer Aagedal (1999) tre ideologiar som han meiner vi kan skilja mellom i spørsmålet om kven som skal ha tilgang på jakt i Noreg. Den første kallar han «bygdejaktideologien», og denne legg vekt på at dei som bur i bygda eller har tilknytning til bygda, sjølve skal delta i jakta. Utgangspunktet er som regel jaktretten til grunneigaren, i tillegg til at jakt er ein del av næringsgrunnlaget og kulturgrunnlaget til bygda. Den andre kallar han for «sosialdemokratiseringsideologien», og denne legg hovudvekta på den tilgangen folk flest har til jakt, uavhengig av eigedom eller bygdetilknytning. I denne ideologien ser ein på jakttilgang meir som ein borgarrett og er oppteken av at dei som er kvalifiserte og ynskjer å jakta, må få høve til det. Den tredje kallar han for «kommersialiseringsideologien», og her ynskjer ein at jakt i større grad må seljast på ein marknad, slik at dei som ynskjer å jakta, kan få kjøpe eit jaktprodukt, og dei som vil tena på jakta, får ekstrainntekter. Desse ideologiane er litt på sida av denne studien.

Eit spennande bidrag innanfor jaktforsking er den ferske doktoravhandlinga til Bjørn Egil Flø (2015) som heiter «Bygda som vare: om bygda, elgen og folkeskikken». I avhandlinga hans kan vi finna levande skildringar og spennande perspektiv på elgjakkulturen. Blant anna følgjer han skogeigarar som leiger ut jakt, jegerar og jaktlag på bygda, og andre bygdefolk. Flø skildrar korleis elgjakta og dei sosiale relasjonane kan hengja saman. Med utgangspunkt i omgrepet kommodifisering drøftar avhandlinga blant anna korleis nokre elgjaktlag i Bygde-Noreg møter problemstillingar kring det at jakta vert ei salsvare.

Avhandlinga skildrar korleis det sosiale, i all sin kompleksitet grip inn i den praktiske forvaltninga av den stadeigne jaktkulturen. Og syner korleis dei uformelle institusjonane, normene og dei sosiale reglane, inngår i forminga av elgjakkommersialiseringa. (Flø, 2015, s. viii)

Vidare skriv Flø at ei klar avgrensing i tekstane hans er at grunneigarane som sit på jaktrettane, bur i grenda. Slik eg forstår Flø, dreiar dette seg om at grunneigarar som bur i bygda, vert påverka av det sosiale fellesskapet i bygda når dei skal ta avgjerder kring jaktutleige, og dersom grunneigaren ikkje bur i bygda, er det ikkje sikkert han vert påverka av den stadeigne jaktmoralen i bygda (ibid.). I avhandlinga vert vi kjende med blant anna utfordringar i bygda når jakta vert selt til utanbygdes jaktlag, og dessutan skepsis til utanbygdes jegerar. I min studie er også bygdejegerar som eig jaktterrenget sitt representerte, men samstundes ynskjer eg å sjå like mykje på jegerar som ikkje eig

jaktterrenget dei jaktar i, slik at dette bidraget kan tilby perspektiv og meiningstildeling til elgjakta som ikkje berre stammar frå bygdejegerar.

Norsk institutt for naturforvaltning (NINA) har teke del i eit stort EU-finansiert forskingsprosjekt, «Hunting for sustainability» (HUNT), der NINA hadde ansvaret for underprosjektet «The cultural meaning of hunting». I samanheng med dette prosjektet finn eg fire masteroppgåver som er skrivne på oppdrag for NINA (NINA, fp7hunt.net). Den første er skriven av Olav Årstad Borgen (2010) og er kalla «Ungdom på jakt – kulturelle mønstre i utmarka». Dette er ein etnografisk studie der Borgen tek for seg jaktungdom på Austlandet. Hovudvekta har han lagt på kulturelle aspekt ved jaktverksemda til ungdommen. Viktige nøkkelord er arbeidarklasse og reproduksjon igjennom jakta. Den andre er skriven av Camilla Marie Kveseth (2009) og har fått tittelen «Jakten på en identitet». Dette er ein kvalitativ studie av jegerar som stiller spørsmål ved korleis jegerar si forståing av jakt kan gå inn i identitetskonstruksjonen og sjølvforståinga deira. Teoretisk har ho forankra seg i fritidssosiologi og modernitetsteori. Den tredje er gjord av Anne Birgitte C. Seeberg (2009) og heiter «Det menneskelege dyret eller det dyriske mennesket». Denne studien tek for seg dyrevernarane sitt syn på jakt og det moralske forholdet menneska har til dyra. Seeberg samanlikna den forståinga informantane hadde av mennesket, dyr og jakt, og plasserte utsegnene i perspektiva i «animal welfare» og «animal rights». Den siste er gjord av Pål Andresen Skaufjord (2010) og har tittelen «Den hellige jakta». Oppgåva er ein sosiologisk studie av jakt og fellesskap i Aurskog-Høland. Skaufjord tok for seg den heilagkåra elgjakta med eit ynske om å undersøkje kva ho handlar om i ein sosial og kulturell forstand i Aurskog-Høland. Samstundes tok han for seg jakt på eit meir generelt plan og relasjonen mellom jakt og lokalt forankra fellesskap. Desse ulike perspektiva har gitt meg nyttig innsikt i studiet av elgjakt og korleis jaktkulturen kan skildrast.

Olav Årstad Borgen og Ketil Skogen (2013) syner korleis jakt kan vera ein arena for reproduksjon av arbeidarklassekultur i artikkelen «Gutta på jakt». Jaktkulturen, slik han vert skildra i artikkelen, er uformell og kollektiv, og syner eit distinkt element av fysisk maskulinitet. Artikkelen til Borgen og Skogen har vore inspirerende, og særleg interessant var det å lesa om meiningstildeling til jakta. Motivasjonen for å jakta synast å vera eit val utifrå klasseorientering, på ein stad der ein ikkje kunne forventa at jaktmiljøa skulle dominerast av arbeidarklasseungdom. Sjølv om eg ikkje legg vekt på klasseorientering i

denne studien, tykkjer eg dette syner oss noko mangfaldet av meiningsproduksjon vi kan oppdage i fenomenet elgjakt.

Tore Bjerke (1993) forfatta ei samfunnsfagleg kunnskapsoversikt i «Jegeren». Han viser til mykje amerikansk forskning samt noko frå Noreg og Europa, men etterlyser også meir samfunnsvitskapleg forskning på norske jegerar, der han viser til fleire område som treng å verta opplyste.

Øystein Vaagan (1996) gjennomførte ein analyse av motiv for jakt deltaking i den urban-rurale dimensjonen ved elgjakta. Hovudkonklusjonen hans er at det er fleire likskapstrekk enn forskjellar mellom urbane og rurale jegerar. Samstundes viste det seg nokre forskjellar i korleis jegerane la vekt på rekreasjon og haustingsdelen ved jaktutbyttet. Her er det verdt å peike på at denne rapporten er over tjue år gammal, og dermed er det spennande å syna korleis dette er i dag, hjå jegerane i denne studien.

Jaktforskning har også sett på val av fritidsaktivitet som ein del av den kjønna omverda på bygda, på den måten at jakt er knytt til ein identitet som dreiar seg som ein rural maskulinitet (Bye, 2010). Doktoravhandlinga til Linda Marie Bye, «Bygdas unge menn», gir oss innblikk i interessante sider ved korleis unge bygdejegerar ser på seg sjølve, og korleis dei ser på urbane jegerar. Vi kan blant anna lesa om korleis bygdemenn som deltek i studien, kjenner seg truga av urbane menn og tek avstand frå urbane jegerar.

Jakta kan på en måte sies å «sitte i kroppene deres», og til forskjell fra urbane jegere, som ikke er bærere av den samme kroppslige kunnskapen om jakt, er deres kjønnsidentitet knyttet tett opp til «den kompetente og seriøse jegeren». Det heter seg at bygdas unge menn har en annen holdning til og forståelse av naturen enn bymennene, og at de derfor er bedre egnet til å forvalte de lokale jaktressursene (Bye, 2010, s. 66).

I sitatet ovanfor får vi bygdejegerane sine perspektiv på jakta og korleis dei ser på seg sjølve. For min studie er dette nyttig innsikt når eg samanliknar bygdejegeren med by- og leigejegerane. Blant anna fortel jegerane i studien til Bye at menn som har vakse opp med jakt, har eit anna forhold til jakt enn andre.

Mykje av forskinga på elgjakt som eg kjem over, tek utgangspunkt i bygdejakta, mens den tilnærminga urbane jegerar og leigejegerar har til elgjakt, synast å vera manglande. Her

vonar eg at mi masteroppgåve er eit bidrag som samanliknar bygde-, by- og leigejegerar og byggjer vidare på og tilfører fleire perspektiv på kva dei ulike jegerane sin bakgrunn har å seia for elgjakta og elgjakkulturen.

2 Omgrepsavklaring og teori

I eit oppslag i Norsk jaktleksikon står det at: «Jakt består i å oppspore og felle eller fange ville dyr og fugler (overlisting, avliving og utnytting av viltet)» (Unsgård & Frøstrup, 2007, s. 137). Denne definisjonen seier ikkje mykje om korleis jakta vert utøvd. Kva så med naturopplevinga? Og det sosiale aspektet? I definisjonen ovanfor er jakt forstått på ein overordna måte, men eg vil påstå at jakt rommar mange implisitte og eksplisitte normer som vert praktiserte. Er det til dømes jakt dersom ein hjort har sett seg fast i eit gjerde og ein jeger skyt han? Her trur eg det finst mange forskjellige synspunkt. På den andre sida står det presisert «ville dyr» i denne definisjonen, og det kan ein assosiera med at dyra er ville og lever i naturen. Dette kan igjen tolkast i retning av det med at ein jaktar på dyra sine premisser, såkalla «fair play». Dette handlar om at ikkje all felling av dyr utan vidare er godkjend som jakt. Det er også nemnt utnytting av viltet i denne defineringa. Det synest eg er interessant fordi eg kjenner til fleire miljø der det ikkje er vanleg å gjera. I den samanhengen tenkjer eg at på same måte som at jakt er eit mangfaldig omgrep, er også motiva til jegerane forskjellige. Ein kan derfor hevda at det finst like mange definisjonar på jakt som det finst jegerar.

Tore Bjerke (1993) viser til at jakt er ei planlagd og bevisst søking og jaging etter ville dyr, i tillegg til felling og fortæring av byttet (gjerne i ein sosial samanheng med deling osv.). Her kjem noko av det sosiale aspektet ved jakta fram, altså dette med deling. Når det er snakk om å forstå ulike motiv for jakt, peikar Bjerke (1993) på at det kan vera snakk om mange forskjellige faktorar som spelar inn, og ei analyse av motiva for jakt vil vera ei vanskeleg oppgåve.

Det er ikke det at vi lyver eller holder informasjon tilbake for forskere som stiller rare spørsmål; vi er oss bare ikke bevisst alle årsaker til vår adferd. Det er derfor forskerens plikt og rett (og hodepine) å forsøke å slutte seg til andre momenter av betydning (Bjerke, 1993, s. 20).

Det er ikkje slik å forstå at eg er ute etter ein eintydig analyse av motiva for jakt hjå jegerane som deltek i prosjektet mitt, men snarare ei open tilnærming, slik kulturanalysen tilbyr. I oppgåva er eg interessert i å bruka ordet *meaning* framfor *motiv*.

Begrepet mening brukes altså både om menneskelige aktiviteter og om resultatene av menneskelige aktiviteter. Dessuten bruker vi det ofte om betingelsene for

menneskelige aktiviteter (f.eks. normer, regler og de situasjonene aktiviteter utføres i). (Gilje & Grimen, 1993, s. 142).

Det eg vil få fram her, er at ved å nytta omgrepet *mening*, vil eg kunna vinna større forståing og innsikt. Slik det er skildra her, tilbyr *meningsomgrepet* ei innsikt i fleire dimensjonar av kvifor ein driv ein aktivitet, og kva slags *meningstildeling* han har.

Frå sosiologen Max Weber vil eg henta omgrepet *idealtipe* som ein del av utgangspunktet mitt. Skildringa av ein *idealtipe* vil kunna vera til god hjelp når eg skal samanlikna tendensar i analysen. *Idealtypen* er ein reint teoretisk figur og ikkje ein person som ein kan venta seg å møta. Det er ei førestilling som er delvis basert på empiri og delvis konstruert.

Idealtyper gir et forenklet bilde av den mening som aktørene gir sine handlinger, og gjør det dermed mulig å få et grep om en virkelighet som ellers kan virke kompleks og forvirrende. *Idealtyper* er altså teoretiske konstrukter, ikke presise beskrivelser. De isolerer de aspektene ved virkeligheten som er relevante for et gitt forskningsproblem (Weber, 1999, s. 14).

2.1 Syn på jakt

Det er mange forskjellige syn på jakt – frå å synest at jakt er eit overgrep mot naturen og dyra, til at jakt er ein naturleg del av friluftslivet og ei form for avkopling. På ein ytterkant finst dei som ikkje tykkjer at jakta er moralsk riktig og gjerne kritiserer at det er moglegheit for skadeskyting. Eller at ein ikkje har grunn til å drepa dei ville dyra som lever i naturen, når ein strengt teke ikkje treng kjøtet. Til slik kritikk står vel jegeren sitt ynske om rekreasjon og oppleving tynt. Eg ville vel heller ha argumentert med forvaltningsmessige årsaker og at det er betre å eta eit dyr som har levd fritt fram til dagen det vert avliva. Slik sett kan eg kanskje rettferdiggjera jakta. Men er det slik i røynda at ynsket om forvaltning og ei god kjelde til mat står sterkt nok til at ein legg ut på jakt? Det er som om eg sit med ei kjensle av at jakta rommar mykje meir. Eg vil prøva å syna det i eit døme:

Reinjegeren legg ut på jakt på vidda. I sekken har han det han treng for å klara seg. På vidda er han omgitt av flott natur som er noko heilt anna enn det han omgåst i kvardagen. Han beveger seg årvaken innover og speidar etter dyr. Han ser ingenting, men han er tolmodig og avventande. Han ser etter spor og teikn og

prøver å lesa terrenget. Frå tidlegare år veit han kvar reinen trekkjer og beitar på denne tida på året. Kanskje har reinen beita her langt tilbake i tid, og jegeren kjenner tilknytning til forfedrane, som har hatt reinen som levebrød. Det same landskapet omgir han, den same sola skin, og det å kunne forstå seg på reinen er like viktig no som før.²

Reinsjegeren i dømet driv ei jakt som er urgammal, og det kan opplevast som om tida er viska bort. Jegeren går tilbake til det opphavlege, og notid og urtid smeltar saman (Aagedal, 1999). Det er rimeleg å gå utifrå at det som vert opplevd som meningsfylt for denne jegeren, ikkje berre handlar om forvaltning og god mat, men at det er fleire moment som er viktige for han og kanskje ikkje så lette å setja ord på.

Bjerke (1993) syner fire forklaringsmåtar for menneskeleg åtferd ved jakt. Frå ein biologisk ståstad vil ein seia at jegeren jaktar fordi det alltid har lønt seg for arten å jakta, og dette har ført til ein genetisk disposisjon for jakt. Ein annan forskar ville ha sagt at dette har med oppveksten til jegeren å gjera. At forklaringa må liggja i at jegeren har lært dette av foreldre, og at det er utbreidd i den lokale kulturen. Ein tredje forskar vil ikkje peika på gen og tidlegare erfaring, men på føregåande årsaker som svolt, keisemd eller ein kamerat som masa. Ein fjerde forskar vil seia at det som regulerer jakta til jegeren, er konsekvensar av opplevingar på tidlegare jakt. Dei positive opplevingane (flott natur, fred, ro, meistring, fangst) gjer at jegeren vil jakta igjen. Desse måtane å forstå jakt på vil truleg vera viktige for kva motivasjonar som finst hjå jegerane i studien min også.

2.2 Kulturanalyse

Kulturanalysen er ein måte å spørja på, ei utprøvande og eksperimenterande haldning, i motsetning til ein fasttømra disiplin (Frønes, 1990). Kultur som kunnskap gjer det mogleg og oppmuntrar til å tenkja heilskapleg i analysen, slik antropologien etterspør. Eg ser på kulturanalyse som ei moglegheit til å setja elgjakta i perspektiv, slik at eg ikkje berre søker eintydige svar, men eit heilskapleg og samansett bilete. Eit viktig poeng med kulturanalysen er at målet ikkje er at ein skal gjengi heilskapen eller fasiten ved eit fenomen. Den objektive sanninga er umogleg å gripa. Det finst dermed mange måtar å

² Dømet er laga av meg, men inspirert av Aagedal, 1999, s. 28.

studere kultur på; alle perspektiv gir svar på noko, men ingen vil gi oss svar på alt. Slik sett vert også val av teori og metode på sett og vis val av forskingsresultat (Richardson, 1993).

Kulturomgrepet er i seg sjølv ei stor oppgåve å definera, og eg ville truleg ikkje kunne gi ei adekvat framstilling av omgrepet i denne studien. Snarare ynskjer eg å gi eit kort inntrykk og syne korleis eg vil nytta omgrepet.

Gullestad (1990) syner til at kulturen vår er heile omgreps- og førestillingsverda vår – idear, førestillingar, omgrep, verdiar, normer og kulturelle praksisar. Kultur er eit omgrep som er både omfattande og vert definert på fleire vis, men felles for alle er at dei refererer til symbolske mønster, normer og reglar (Frønes, 2001). Praksis, omgrep, førestillingar, normer og verdiar er alle omgrep som er av interesse i forståinga av jaktkulturen, men her ser vi på kulturomgrepet på eit overordna plan. Kulturanalysen i eige samfunn dreiar seg ofte om å problematisera det sjølvsegte og trivielle (Ehn & Löfgren, 2001). Ein gjer seg «framand» for å betre observasjonsevne og stimulera tankeflyten. Det vil seia at ein gjennom ulike perspektiv søkjer å vinna ny innsikt gjennom å stilla spørsmål ved det «kjende». Når eg studerer ulike normer og verdiar i jaktkulturen, er det ikkje nødvendigvis å gjera greie for noko som er det vesentlege, men i staden å sjå på kva slags kulturelle førestillingar og verdsoppfatningar desse normene og verdiane formidlar (ibid.).

Dimensjonane til kulturomgrepe er ikkje overkomelege å oppsummera på ein enkel måte. Ifølgje Frønes (1990) er kulturen dei setta med teikn eller kodar som legg premissane for handling og forståing. I dette nærmar eg meg noko som kan knytast til praksis. *Ideologi* kan vera eit døme på teikn eller kodar som legg premissar for handling. I samband med kulturanalyse dreiar ideologi seg ikkje berre om eksplisitte ideologiar men også implisitte (Frønes, 2001). Når eg søkjer den einskilde jegeren si tilnærming til jakt, vil dei ideologiane til dei ulike jegerane vera eit relevant tema. Dei implisitte trekka ved jaktkulturen kan hjelpa oss å danna eit bilete av den meiningstildelinga aktiviteten har frå aktørane sine. Med ei slik forståing av kulturomgrepet er det ikkje berre handling som er av interesse; ein må også ta høgde for omstende rundt handlinga.

Det kulturelle rommet til aktøren er ikkje noko som kan studerast aleine. I staden må ein sjå det i samanheng med relasjonelle rammer. Det er i relasjonane mellom elementa i eit system at sosial meining kan ettersporast (Frønes, 1990). Slik eg forstår dette, er konteksten og rammene som aktiviteten føregår i vesentlege i kulturanalysen, og dermed

kan ein ikkje isolert sett studere fenomenet utan også å ta omsyn til konteksten. Til dømes vil våpenet jegerane ber på, ha ulik tyding alt etter om det er i skogen eller i byen. Men i ein situasjon der jakt er konteksten, syner symbolet seg annleis. I min samanheng er det elgjakkulturen som er aktuell. Samstundes avgrensar ikkje elgjakkulturen seg til berre eit kulturelt synspunkt – han er sjølvsagt voven saman i fleire kontekstar. Eit overordna mål som forskar er å streva etter å vera årvaken rundt dei ulike kontekstane jakta skjer i.

I dette prosjektet ynskjer eg ei open tilnærming til feltet, eller meir presist ei abduktiv tilnærming (Thagaard, 2002). Slik forskning er prega av eit samspel mellom ei induktiv og ei deduktiv tilnærming. Den etablerte teorien representerer eit utgangspunkt for forskinga, og analyse av mønster i data gir igjen grunnlag for nye teoretiske perspektiv (ibid.). Dette vil i min studie av jaktkultur seia at eg har eit utgangspunkt i teori, men samstundes er eg open for fleire element som kan vera vesentlege, slik at eg er fleksibel til å veksla mellom teori og empiri. Skulle aktiviteten fortone seg annleis enn det eg føresåg, vil det vera utgangspunkt for nye teoretiske perspektiv. Før eg gjekk ut i feltarbeid, hadde eg fleire ulike og vage hypotesar. Etter som eg samla inn datamaterialet, spissa eg temaet og dei analytiske rammene eg ville halde meg innanfor, meir og meir.

2.3 Etos

I framstillinga av jaktkulturen vil eg blant anna nytta omgrepet *etos*. Ordet heng nært saman med kulturomgrepet. Slår vi opp i ordboka, får vi denne forklaringa:

etos m. (gr. ethos 'sed, skikk, vane, karakter'; jamfør etikk) moralsyn, moraloppfatning (til dømes hos eit folk); karakter, personlegdom (til dømes hos eit menneske). (Universitetet i Oslo og Språkrådet, 2010)

Etikk er avleidd frå ordet *ethikos* i klassisk gresk, som betyr noko slikt som «det som har med sedelighet, god karakter, gode vaner og dannelse å gjøre» (Olsen & Syse, 2013, s. 19). Det er igjen avleidd frå ordet *ethos*, som tyder karakter, gode vanar og danning. Her er det ein forskjell om ordet er skriva med lang eller kort e, for med lang e tydde *ethos* på klassisk gresk *kultur* eller *sedvane* (ibid.). Etos vert gjerne omsett til vane eller sedvane, altså bestemte handlemåtar og haldningar som er typiske for ein person eller ei sosial gruppe (Kvalnes, 2006). Når sosiologen Robert K. Merton drøftar vitskapleg etos, viser han til det systemet av verdiar og normer som vert oppfatta som bindande av forskarar og

vitskapsmenn (Gilje & Grimen, 1993). I dette høvet er det verdiar og normer som vert oppfatta som bindande av dagens elgjegerar, eg vil konsentrera meg om.

Etos dreiar seg altså om etikk, haldningar, normer og verdiar, men også vanar og danning som er typiske for ein person eller ei sosial gruppe. Vi kan seia at etos dreiar seg som substansen i den veremåten som kjem til uttrykk i handling. Dette er eit omgrep eg nyttar for å kunna ta fatt på særtrekk ved jaktkulturen i forsøket på å skaffa meir kunnskap om dagens elgjegerar.

2.4 Sosialisering

I den tidlegare forskinga viser eg til eit døme der det vert hevda at å vekse opp med jakt gir eit anna tilhøve til jakt enn for dei som ikkje veks opp med jakt (Bye, 2010). For å undersøkje dette tilhøvet nærmare vil eg nytta sosialisering som analytisk perspektiv i samanlikninga av dei ulike jaktlaga.

Omgrepet sosialisering kan forståast på fleire vis innanfor forskjellige teoritradisjonar. Som sosialt fenomen er sosialisering altfor stort og komplekst til at ein kortfatta kan gi ei skildring og analyse av det (Sand & Walle-Hansen, 1992). Med omsyn til dette kan eg ikkje gjengi eit heilskapleg bilete av korleis sosialiseringa går føre seg. Snarare peikar eg på nokre sosialiseringsagentar, og syner ulike sider ved sosialiseringa som jeger.

Frønes (2013) viser til at den dominerande oppfatninga av sosialisering er *korleis vi formast som medlemmer i ulike samfunn og kulturar* (Jenks, 1982)³. For ei meir utfyllande skildring kan vi nytte definisjonen til Thomas Hylland Eriksen:

Sosialiseringen er de prosessene hvorved man blir et fullt ut kompetent medlem av et samfunn – hvor man tilegner seg de normene og ferdighetene som er nødvendige for at man skal kunne fungere sosialt» (Eriksen, 2010, s. 67).

Som vi ser, famnar omgrepet sosialisering vidt. Overordna kan vi seia at sosialiseringa er ein prosess som dreiar seg om tileigning av normer, reglar, verdiar og ferdigheiter i den aktuelle kulturen. I vår samanheng er dette i jaktkulturen, til dømes korleis jegerar lærer

³ Sitert i Frønes, 2013.

opp nye jegerar i jaktlaget, og kva slags normer og verdiar jegerane meiner er viktige å formidle.

Vi vert sosialiserte gjennom heile livet, men omgrepet sosialisering refererer hovudsakleg til formings- og utviklingsprosessane i barne- og ungdomstida, altså frå fødsel og fram til ein er vaksen (Frønes, 2013). Sjølv om sosialisering i første omgang refererer til barne- og ungdomstida, vel eg å bruka omgrepet i vid forstand. Slik Anton Hoëm (2010) legg til grunn i boka *Sosialisering, kunnskap – identitet*, er også sosialiseringsprosessen aktuell å studera hjå menneske i vaksen alder. Når eg tek føre meg sosialisering i jakta, er eg ute etter korleis normer, verdiar og haldningar vert formidla og førte vidare i jaktlaga – ikkje berre for dei unge og ferske jegerane, men i jaktlaget på eit generelt plan.

Høvesvis vil eg dele dette inn i *uformell og formell sosialisering*. Den formelle sosialiseringa kan vi forstå som all opplæring i statleg regi (Hoëm, 2010). I vår samanheng representerer jegerprøva og storviltprøva den formelle sosialiseringa i jakta. Den ubodne eller frie sosialiseringa som til ei kvar til skjer mellom menneske i samhandling, vert kalla uformell sosialisering (ibid.). Dette famnar også vidt, så derfor vil eg fokusera på jaktlaget som sosialiseringsaktør i denne omgang. Dette dreiar seg om at eg blant anna ynskjer å observera korleis jaktlaga held oppe normene og reglane innanfor jaktlaga. Korleis jegerane vil handsame brot på normer, eller korleis dei opptrer når verdiane deira vert truga, vil eg freista å observera som del av sosialiseringa i jaktlaga. Når eg ser på jaktlaget som ein sosialiseringsaktør, er jaktlaget den sosiale konteksten som legg føringar for jakta og korleis ho skal vera.

Samstundes er det ikkje openbart kva normene og verdiane går ut på i dei forskjellige jaktlaga. Det vil seia at eg må leggja arbeid i å kartleggja desse for å igjen kunna forstå kva rolle normene har i jaktlaga. Tenkjer alle likt? Er det jaktleiaren som i hovudsak legg føringar for kva normer som rår? Kjem dette til syne eksplisitt, eller er dette ikkje-uttalt eller teke for gitt? Slike spørsmål vil vera viktige når eg vil studera jaktlaget som sosialiseringsaktør.

3 Metodisk tilnærming

3.1 Deltakande observasjon

Innanfor antropologiske studiar er deltakande observasjon ein mykje nytta metode. Sjølv om ein gjerne assosierer lange feltopphald på fjerntliggjande stader med antropologi, ser eg jamvel på min studie av elgjakta som ei antropologisk tilnærming. Thomas Hylland Eriksen (2010) skriv i boka *Små steder – store spørsmål. Innføring i sosialantropologi* om korleis feltarbeid i eigen kultur, kan gi verdifull innsikt:

Et generelt argument for antropologisk forskning i eget samfunn, er at de spørsmålene vi stiller om samfunn, kultur og sosial organisasjon er like aktuelle uansett hvor i verden vi utforsker dem (Eriksen, 2010, s. 40).

Tidsrommet ein oppheld seg i felten, er meint til å vara så lenge at nærværet til antropologen er meir eller mindre naturleg, sjølv om ein er framand (ibid.). Diverre var tidsrommet mitt avgrensa, ettersom jakta er sesongbasert. Samstundes var eg ikkje heilt ukjend med å vera jeger, og dette gjorde at eg kunne gli lettare inn blant jegerane. På ei anna side kan det visa seg at vi finn kulturelle variasjonar innanfor vårt eige samfunn som er verde å sjå nærmare på (ibid.). Her er den komparative delen av oppgåva noko som talar for ei antropologisk tilnærming i studien min.

For at eg skal kunna fanga inn korleis jaktkulturen er, fell det naturleg å vera med jaktlagt på jakt i jaktperioden. Brottveit og Aagedal (1999) argumenterer også for at når forskaren tek del i jakthandlingane, kan han eller ho kjenna jakta på kroppen og vinna innsikt i den kroppsleggjorde kunnskapen som ligg til grunn for jakta. På denne måten vert det mogleg å synleggjera implisitte trekk ved jaktkulturen. Dette er i tråd med metoden deltakande observasjon, som vi kan skildra slik:

[...] innsamling av data ved å delta i det daglige livet til de menneskene du studerer, og å se hvilke situasjoner de går inn i, og hvordan de oppfører seg i dem. Du går inn i samtale med noen eller alle deltagerne i situasjonene og oppdager deres fortolkninger av hendelsene du har observert (Becker 1970, s. 25, i Fangen, 2004, s. 28).

Fangen (2004) viser til at dette er ei grei avgrensing av metoden, sett bort frå at metoden også kan nyttast i situasjonar og hendingar som ikkje er daglegdagse. Det er eit viktig poeng fordi jakt ikkje er ei daglegdags hending. Elgjakta går føre seg i eit avgrensa tidsrom og er for mange ein kontrast til det daglege. I denne samanhengen kan ein seia at feltarbeidet burde famne utover akkurat det tidsrommet jakta varer, og i tillegg ta høgde for det som skjer før og etter jakta. På den måten kunne ein få eit innblikk i kva kontrasten frå det daglegdagse dreiar seg om, i tillegg til å studere førebuingar og etterarbeid som høyrer med til jakta. Sidan eg valde å følge tre jaktlag, var dette ei altfor stor oppgåve for meg. Derfor avgrensa eg observasjonstida til å gjelde berre mens jakta gikk føre seg.

Deltakande observasjon som metode var eit val som var tydeleg for meg. Blant anna fordi eg visste lite om delar av det temaet eg ville undersøkje, som til dømes korleis leigejegerane gjennomfører jakta. Ein klar fordel er at eg kjem nærmare inn på verkelegheita til jegerane og får personleg kunnskap om dei. Dette gir meg eit heilskapleg og samansett bilete av deltakarane, som igjen kan gjera meg medviten på mindre openberre sider ved elgjakkulturen (Fangen, 2004).

3.1.1 Førebuing

Før eg skulle i felten, ville eg gjerne ha sirkla inn kva oppgåva skulle ta for seg, og ha klart for meg kva slags informasjon eg var ute etter (Grønmo, 2004). Problemstillinga mi gav rom for å studere fenomenet på mange måtar. Utgangspunktet mitt var derfor å plukke ut ulike tema som eg meinte var relevante. Her tok eg utgangspunkt ei søkjeliste som Billy Ehn og Orvar Löfgren (2001) presenterer i boka *Kulturanalyser*. Denne hjelpte meg langt på veg, ved at eg tilpassa henne til studien min. Men då eg kom i felten, syntte denne seg å vera altfor omfattande, og i frykt for å «gå glipp av noko» opplevde eg at eg vart overvelda av informasjon. I tillegg ynskte eg å ha eit ope sinn i datainnsamlinga, og dette forsterka nok kjensla av å verta overvelda av informasjon. Heldigvis opplevde eg at feltarbeidet gjekk betre etter kvart. Etter kvar dag førte eg inn feltnotata og reflekterte over dagen. Dette leidde igjen til at eg erverva meir kjennskap om feltet og kunne tillate meg å spisse oppgåva. I analysedelen seinare refererer eg til feltnotata mine med referansen «feltnotat» eller «feltdagbok».

3.1.2 Rolla til forskaren

Dersom eg skulle delta på jakt med våpen på lik linje med dei andre jegerane, kunne rolla mi som forskar verta meir komplisert. Då var frykta at eg i større grad påverka jakta. Ideelt sett skulle eg ha delteke som jeger og vore ein naturleg del av jaktlaget, men for min del ville det ikkje vera høve til å både observera og å jakta samstundes. I tillegg vil det truleg vera vanskelegare å få innpass i eit jaktlag på denne måten. Derfor gjekk eg ikkje med våpen i feltarbeidet. Men å vera med på post, flåing, samlingar, ha radiokontakt og jakta generelt såg eg på som vesentleg i feltarbeidet mitt. Med andre ord ville eg delta på ein mest mogleg naturleg måte, utan å ha med våpen.

Idealet er likevel å gli naturleg inn i den sosiale sammenhengen, slik at de andre ikke skal kjenne seg beklemte av din tilstedeværelse, selv om de vet at du egentlig ikke er «en av dem» (Fangen, 2004, s. 30).

Som deltakande observatør håpa eg altså på å delta og observera på ein naturleg måte. Dette førte med seg nokre problemstillingar. Eg deltok ikkje med eit mål om å fella elg, ettersom eg ikkje gjekk med våpen. Derimot deltok eg i drev og på post som ein annan jeger. Elles budde eg saman med jegerane og tok del i det sosiale etter at jaktdagen var over (hjá leigejegerane). I dette opplevde eg at eg tok stor del i jakta og i det sosiale etterpå. På den måten var det vanskeleg å ta eit steg til side og reflektere over observasjonen. Dessutan ville eg unngå at når eg skreiv feltnotat, var dette noko som verka uheldig på studiedeltakarane. Løysinga for meg var å trekkja meg litt til sides om kvelden, på eit eige rom eller i bilen. Der kunne eg skriva feltnotat utan forstyrring. I tillegg oppdaga eg etter kvart at mens vi sat på post, fekk eg høve til å notere mykje. Dette var ein fin situasjon å skriva feltnotatane i.

Det å meistra aktiviteten var nok ikkje mi hovudutfordring, men når eg skulle skilja mellom mine tankar og refleksjonar og jegerane sine, måtte eg vera årvaken. Det var noko eg la vekt på gjennom heile observasjonsperioden. Det hjelpste å ta mykje notat undervegs der eg skil mellom direkte utsegner frå studiedeltakarane og mine eigne tankar og refleksjonar rundt det som vart sagt og gjort. Mine oppfatningar av situasjonar kan vera veldig annleis enn det jegerane opplevde. Dermed kan refleksjonane eg gjorde, vera ei mogleg feilkjelde. Her var det viktig at eg medvite «tok eit steg til sida» når eg skulle

fanga opp deira handlingar og utsegner. I tillegg kunne eg spørja jegerane om nøyaktig korleis dei opplevde situasjonen, slik at eg hadde deira fråsegn som utgangspunkt.

I felten var eg klar over at mitt nærvær kunne påverka situasjonen. Viser dei seg frå si beste side når eg er til stades? Ville dei opptredd annleis om eg ikkje var der? Dette måtte eg ta høgde for.

«Vi har ein ekspert her, kanskje kan han svare på det!» var ei utsegn eg møtte i felten. For meg var det viktig å avklare tidleg at det eg på ingen måte er ein ekspert. Det er jegerane sjølve som er ekspertar på si eiga tilnærming til jakt. Det er dei som må formidle sine ståstader og fortelje meg, ikkje omvendt. Sjølv om eg er jeger, ynskte eg ikkje at det i for stor grad skulle prege utsegnene til studiedeltakarane. Heller håpa eg på å vinne tillit ved å ikkje syna meg som ein røynd jeger. Med dette meiner eg at eg heller var litt audmjuk og tilbakehalden, og ville vera ein god lyttar framfor å syna meg som ein ekspert på feltet.

Nokre var gjerne litt mistenksame til meg i starten, men etter kvart som eg vart meir kjend med jaktlaga, endra dette seg til at eg fekk meir og meir tillit. Eit jaktlag hadde hatt ein tvist med Statskog og lurte på om eg var ein slags observatør som skulle følgja opp dette. Heldigvis for min del konfronterte dei meg med dette, slik at eg fekk høve til å forklare at eg korkje kjende til eller hadde noko med tvisten å gjera. I det store og heile vil eg seia at jegerane var inkluderande og tillitsfulle overfor meg. Eg har inntrykk av at dei oppriktig ville fortelje og dele sine meiningar om jakt med meg.

3.1.3 Eigen ståstad

Eg kjem frå ei lita øy på Sunnmøre, der elg nesten er som eit framandord å rekne. Elgen held ikkje til på denne kanten av landet. Der er det andre jaktformer som rår, som hjortejakta. Sjølv har eg ikkje vakse opp i tilknytning til jaktlag eller med ein familie som er jaktinteressert. Det er først dei seinare åra at eg har praktisert jakt, og då som ein allsidig jeger både på storvilt og småvilt. Jamvel vil eg ikkje kalle meg sjølv ein røynd jeger. Eg har relativt få jakt dagar i løpet av året, og jegerane som deltek i denne studien, er i stor grad langt meir erfarne jegerar enn meg.

I løpet av studietida mi har eg delteke nokre dagar på elgjakt som gjestejeger på ulike jaktlag. Slik sett er ikkje elgjaktkulturen fullstendig ukjend for meg. Til gjengjeld har eg ikkje hatt lang «fartstid» som elgjeger, og eg vil heller seia at eg hadde avgrensa kjennskap

til feltet. Det er møtet med elgjaktlaget som gjestejeger som har gjort meg meir nyfiken og interessert i elgjakta.

Når eg sjølv er eit forskingsinstrument inneber dette at mine egne kjensler, fordommar og bakgrunn også må takast høgde for i samband med feltarbeidet. Kanskje eit viktig moment i sjølvkritikken her må vera min *sympati* med studiedeltakarane. Som eg var inne på, tok eg stor del i det sosiale under jakta, og etter kvart utvikla dette seg til kameratskap mellom meg og studiedeltakarane. Frå mi side var dette ynskjeleg, både med omsyn til innpass og tillit. På den andre sida er eg sjølv jeger, og eit viktig spørsmål vert dermed om dette fører at eg ikkje vil stilla jegerane i dårleg lys. Mine refleksjonar rundt dette er at eg ville gå i ei fallgrube dersom eg hevda å vera objektiv i datainnsamlinga. Då tek eg ikkje høgde for min ståstad. Derimot er det eit mål at eg syner lesaren korleis eg har gått fram i resonnementa mine. På den måten får lesaren innblikk i kva omfang eg har framstilt funna mine rettferdig og vore lojal overfor empirien.

3.2 Intervju

I tillegg til deltakande observasjon valde eg å gjera intervju. Ideelt sett kunne deltakande observasjon som metode ha vore tilstrekkeleg, men sidan eg hadde avgrensa tid hjå dei forskjellige jaktlaga, var eg uroa for at eg ikkje hadde tilstrekkeleg grunnlag til analysen. Ein god måte å få innsikt i verda til kvar einskild jeger på er å intervju dei. Gjennom intervjuet kan eg fange opp deira synspunkt og oppfatningar, og jegerane kan greie ut og forklare meg nærmare kva deira oppfatning av jakt går ut på. I denne samanhengen nytta eg nytta det opne individuelle intervjuet. Det eignar seg godt til å få fram korleis enkeltindividet fortolkar eit fenomen. Vi avklarar den einskilde si forståing og kva slags meining ein legg i ulike forhold (Jacobsen, 2005).

Ein fordel med å gjera intervju var at det balanserte informasjonen eg fekk ut av den deltakande observasjonen. Det kunne bekrefte eller avkrefte det eg plukka opp der, i tillegg til å forsterka eller utdjupa mønster eg merkte meg i felten. I tillegg gjorde dei det mogleg å samanlikne ord og handling, altså om det jegerane sa, stemde overeins med handlingane deira. Gjennom intervjuet kan ein seia at eg fekk tak i annleis informasjon enn igjennom deltakande observasjon. I felten fekk eg observera blant anna teknikkar, framgangsmåtar og samhandling, mens i intervjuet fekk eg eksplisitte tankar, refleksjonar og meiningar frå dei einskilde jegerane.

3.2.1 Val av respondentar

Tanken var å intervju studiedeltakarane som eg observerte. Ikkje alle naturlegvis, men nøkkelpersonar i jaktlaget. Ideelt sett ville eg intervju jegerane før, etter og under jakta. På den måten kunne eg fange opp forventningar i forkant av jakta, tankar undervegs og refleksjonar etter jakta. Eg forstod tidleg at dette var for ambisiøst for meg å gjennomføre. Særleg på grunn av tidspresset eg hadde før jakta byrja, og fordi det ville ha vore for resurskrevjande å ta føre meg så mykje data. Avgrensinga vart at eg gjorde fire intervju i kvart jaktlag. Jaktleiar og hundeførar vart intervju i kvart jaktlag, og deretter prøvde eg å velje ein ung og ein eldre jeger. Hjø kollegiet og byjegerane var ikkje valet vanskeleg sidan dei var så få på jaktlaget. Men hjå bygdejegerane var gruppa mykje større, og ikkje alle deltok like mykje. Dessutan var den einaste kvinna som deltok i studien, på dette jaktlaget. Utgangspunktet mitt var å ikkje ta intervju tidleg i datainnsamlinga, fordi eg hadde eit mål om å skaffe meg større kjennskap til jaktlaget, slik at eg kunne gjere eit gjennomtenkt val av respondentar. Sidan kvinna berre deltok i starten av jakta, valte eg å ikkje intervju henne. På eit generelt plan kan studien kritiserast for å nesten berre ta utgangspunkt i mannlege jegerar. Dette botnar i at eg ikkje kunne velje og vrake i kva jaktlag eg ville studera. I tillegg var kriteria eg hadde for jaktlaga, i utgangspunktet vanskelege å oppfylle.

3.2.2 Intervjuguide

Jacobsen (2005) argumenterer for at ein bør sjå struktureringsgraden av intervjuet som ein glidande skala frå eit ytterpunkt, der samtalen ikkje har ein spesiell plan og ei spesiell rekkefølge, til det andre ytterpunktet, der intervjuet består av faste spørsmål i fast rekkefølge. Sidan problemstillinga søkjer den einskilde jegeren si tilnærming til jakt, oppmoda dette i stor grad til at spørsmåla skulle vera opne. Mellom dei to ytterpunktta Jacobsen presenterer, ligg intervjuet i denne oppgåva i retning av lite struktur. I intervjuguiden (sjå vedlegg) hadde eg faste spørsmål og tema eg ville innom, men eg stod også fritt til å leggja til spørsmål og be om utdjuping der eg trong det. På den måten skulle ikkje intervjuguiden fungere som ei avgrensing av datainnsamlinga, men snarare eit utgangspunkt.

I innarbeiding av spørsmål la eg til grunn mi eiga erfaring, litteratur om tidlegare jaktforskning, mitt eige feltarbeid og eit intervju med ein jeger i forkant av feltarbeidet, sjølv sagt med utgangspunkt i problemstillinga og teori som kunne vera relevant. Slik

skaffa eg meg omgreps- og teoriforståing av fenomenet før eg laga ein intervjuguide (Kvale, 2006). Framgangsmåten var å formulere overordna forskingsspørsmål og deretter leggja fram forslag til intervjustørsmål som kunne opplyse emnet.

3.2.3 Stad og tid

Når og kvar eg skulle intervju dei ulike deltakarane i studien, vart eit viktigare spørsmål enn eg hadde føresett i forkant av gjennomføringa. Eg hadde ikkje gjort greie for kva omstende intervju skulle gå føre seg under for informantane. Dette resulterte i at på bygdejaktlaget var det fleire som frykta at dei ville gå glipp av jakta dersom dei skulle verta intervju. På toppen av det heile ynskte ikkje jaktleiaren at nokon skulle kjenna seg pressa til å verta intervju og føreslo at eg kunne intervju dei som melde seg frivillig. Dette var ikkje heilt slik eg hadde sett føre meg. Løysinga vart at eg spurde dei eg ville intervju og samstundes gjorde det klart at dei ikkje skulle vera redde for å avslå. Då avtalte vi eit tidspunkt som helst var utanom jakt dagane, slik at det ikkje gjekk utover jakt deltakinga. Intervjuet gjekk føre seg heime hjå dei forskjellige jegerane, slik at dei var i trygge og kjente omgivningar.

Hjå byjegerane var også tidspunktet utfordrande. Under jakta var ikkje eit alternativ, og når jakt dagen var over, passa det ofte dårleg på grunn av middagen og alkoholinntaket. Den nest siste dagen i opphaldet mitt var vêret så dårleg at jakta vart avlyst etter første drev, og dette vart eit ideelt tidsrom for meg å gjere intervju i. Det første intervjuet hadde eg inne i hytta, med to jegerar. Dette eigna seg dårleg sidan dei skifta klede, pakka og åt middag under intervjuet. I tillegg gjekk fleire rundt inne i hytta under intervjuet. Her vart det klart for meg at gruppeintervju ikkje var riktig framgangsmåte. Kløkk av skade tok eg resten av intervju i bilen, noko som fungerte overraskande godt.

Intervjusituasjonen var noko betre hjå kollegiet. Der var bustaden ei relativt stor hytte med åtskilde rom, som eigna seg godt for intervju. I tillegg var det tidsmessig høve til intervjuet fleire gongar igjennom dagen, både mellom og etter jaktøktene.

3.2.4 Etter intervjuet

Arbeidet med å transkribere intervju gjorde eg sjølv. Alle intervju vart tekne opp som lydfiler på telefonen min. Deretter spela eg dei av og førte dei inn på ein PC. Der vart dei lagra slik at berre eg har tilgang på intervju. Kvart intervju varte frå ein halv time til litt

over ein time. Det neste steget var å komprimera intervjua og sortere utsegnene i ulike tema. Denne metoden er inspirert av det Kvale (2006) kallar *meiningsfortetting*, der forskaren freistar å gjengi fråsegnene til intervjuobjektet på ein kortfatta og enkel måte. For å sikre anonymitet er alle namna eg nyttar i teksten, pseudonym. Til slutt samanfatta eg dei ulike temaa og komprimerte intervjua innanfor det jaktlaget intervjua høyrer til, og dette utgjorde endeleg grunnlaget for analysen.

3.3 Jaktlaga

I problemstillinga mi søker eg blant anna jaktlag som ikkje har tilknytning til jaktterrenget dei jaktar i, og som gjerne er urbane jegerar. Å finna eit jaktlag der alle på laget kjem frå ein by, opplevde eg som lettare sagt enn gjort. For det første reiser det spørsmål kring kva som skal reknast som urbane jegerar, og kva som skal reknast som rurale jegerar. Er ein urban når ein har flytta frå bygda til byen, eller omvendt? For det andre kan jaktlag vera samansette av folk som kjem både frå by og bygd. På den måten har ein ikkje eit «reint» urbant jaktlag, og dermed er datamaterialet tynnare. Og for det tredje er det ikkje sikkert at informantane identifiserer seg sjølve med å vera urbane. Då kan det tenkjast at jegerane kjenner seg urettferdig framstilte, ved at eg kategoriserer jegerane som urbane eller rurale.

Før eg skulle i felten måtte eg også ta stilling til om eg skulle fortelja informantane at eg kunne koma til å kategorisera dei som urbane eller rurale. Men på dette tidspunktet var eg ikkje fast bestemt på å studere jakt i lys av urbanitet og ruralitet. Dermed slutta eg meg til å ikkje informere om det, sidan vinklinga på studien like fort kunne ha drege i ei anna retning. Dersom eg presenterte studien min slik, frykta eg også at denne informasjonen kunne ha verka inn på datainnsamlinga på ein slik måte at informantane vart meir mistenksame mot meg eller at åtferda til studiedeltakarane endra seg. Dersom jegerane til dømes trudde at eg hadde visse forventningar kring åtferd hjå ein urban jeger, kunne det tenkjast at dei ikkje ynskte å syna seg slik.

Av desse omsyna valte eg å fortelja studiedeltakarane at eg ville studera ulike tilnærmingar til jakt, og at eg ville vera med forskjellige jaktlag denne hausten.

3.3.1 Utval

Jaktlaga som problemstillinga mi etterspør, var ikkje utan vidare lette å koma i kontakt med. I utgangspunktet såg eg føre meg å finna to jaktlag i same området, eitt frå byen og eitt frå bygda, og gjerne med ei lik fordeling av både kvinnelege og mannlege jegerar. Men etter kvart innsåg eg at avgrensinga var kven eg fekk kontakt med, og blant desse var det berre éin kvinneleg jeger. Framgangsmåten min var å gjere eit *strategisk utval*.

Utvelgingen bygger ikke på tilfeldighetsprinsippet, men derimot på systematiske vurderinger av hvilke enheter som ut ifra teoretiske og analytiske formål er mest relevante og interessante (Grønmo, 2004, s. 88).

Dette gjorde at eg valde ut tre jaktlag: eitt frå bygda, der jegerane ofte er grunneigarar, og to som må leige jaktterreng: eitt frå byen, og eitt som eg her kallar kollegiet, som har ei samansetning med folk som kjem både frå byen og bygda.

3.3.2 Bygdejaktlaget

Bygdejegerane fekk eg kontakt med fordi eg visste om jaktlaget og hadde litt kjennskap til nokre av jegerane. Eg gjorde eit strategisk utval for å sikre at eg fekk innpass, og at jaktlaget oppfylte kriteriana mine. At eg set merkelappen «bygdejaktlaget» på dette jaktlaget, er både av omsyn til anonymitet og fordi jaktlaget representerer bygda. Jaktterrenget er ikkje meir enn nokre få kilometer frå bygda der storparten av jegerane bur. Jaktterrenget vert blant anna brukt som beite, skogproduksjon, ferie (hytter og stølar) og skiløyper om vinteren. Fleire av jegerane er bønder. På det meste deltok 15–20 jegerar på jakt. Lenger ut i jaktseasonen var det færre som deltok.

Jakta hjå bygdejaktlaget var helgebasert, så bort sett frå dei to første dagane skjedde jakta på laurdagar og søndagar. Det var lagt opp slik at alle møtte opp om morgonen, og når jakta var ferdig for dagen, reiste alle til kvart sitt. For min del vart dette lange dagar, med reisetid til og frå, samt notering av feltnotat kvar dag. Eg følgde dette jaktlaget i seks dagar.

3.3.3 Byjegerane

Heller ikkje dette jaktlaget er tilfeldig valt. Å finne jaktlag som ikkje har tilknytning til jaktterrenget, og som i tillegg vil ha med seg ein observatør, var lettare sagt enn gjort. Med

hjelp frå Statskog kom eg omsider i kontakt med jaktlag som leiger jaktterreng. Her var adressa til den einskilde jaktleiaren utgangspunkt for oppringing, slik at eg kunne vita at jegerane ikkje budde i nærleiken av jaktterrengen. Hjå dei tre jaktlaga var jaktleiaren den eg kontakta og spurde om å delta i studien.

I teksten vert jaktlaget referert til som byjegerane. På grunn av den mangfaldige bakgrunnen til jegerane kan ei slik inndeling valde skade på korleis jegerane oppfattar seg sjølve. Dette kjem eg attende til. Byjegerane er eit jaktlag som er sett saman av jegerar frå ulike stader i landet, men fleire av dei kjem frå og bur i by. Dei leiger eit terreng av Statskog over fleire år. Jaktlaget består av seks mannlege jegerar som eg følgde i fem dagar.

3.3.4 Kollegiet

Det tredje jaktlaget er også Statskog-jeugarar som bur ein heilt annan stad enn der jaktterrengen er. I teksten går dei under namnet «kollegiet» fordi fleire av jegerane kjenner kvarandre gjennom arbeidet. Nokre stader skriv eg om «leigejegerane», og då siktar eg både til kollegiet og byjegerane. Kollegiet kunne tilby eit tredje perspektiv på leigejakt. Dei representerer leigejegerar, men fleire av jegerane deltek på elgjakt i heimbygda, og ein jeger eig i tillegg jaktterreng i heimbygda. Dette jaktlaget bestod av fem mannlege jegerar. Samla var eg med dette jaktlaget i fem dagar.

4 Rammene for jakta

No skal eg ta føre meg dei ulike rammene rundt jakta for bygdejegerane, byjegerane og kollegiet som vert undersøkte i denne oppgåva. I første del vil eg syna dei praktiske skilnadane mellom dei tre jaktlaga eg følgjer i denne studien. Føremålet er å danne eit bilete av skilnadane i organiseringa av jaktlaga. Deretter vil eg presentera ulike kategoriar som skal framheva dei ulike jegerane si tilnærming til jakt, høvesvis i dei jaktlaga jegerane høyrer til.

4.1 Statskog

Når ein er jeger utan eigedom, er han eller ho avhengig av å kunne leige jaktterreng. Dette gir eit annleis utgangspunkt med tanke på økonomiske aspekt ved jakta. Derfor vil eg no skildre dei situasjonane som dei tre jaktlaga i min studie hadde når det gjaldt tilgang på jaktterreng.

Leigeavtalar er fastsette mellom jeger og grunneigar og er ikkje nødvendigvis like overalt. Statskog tilbyr leigejakt til fastsette takstar som jegerane må betale. Statskog sitt leigetilbod er sett på som eit rettferdig tilbod ifølgje jegerane i studien min. Først må elgjegerane betala ei grunnavgift for kvart av dyra jegerane har løyve til å fella på jaktfeltet (Statskog, 2015). Dersom ingen dyr vert felte, går framleis grunnavgifta til Statskog. Dersom jegerane lukkast i å fella elgen dei har fått løyve på, kjem grunnavgifta til nytte. Då vert grunnavgifta trekt frå kjøprisen. Har ein til dømes betalt 3000 kr i grunnavgift for å fella ei elgku og lukkast i å fella elgkua, er det kjøprisen som vert gjeldande. La oss seia at elgkua vog 90 kilo og kiloprisen til Statskog er 70 kr (slaktevekt) for elgku. Prisen for elgen vert då $70 \times 90 = 6300$ kr. Sidan jegerane har betalt 3000 kr i forskot, er prisen for elgkua 3300 kr.

I tillegg til grunnavgift og kiloprisen, må elgjegerane betala ei fellingsavgift til kommunen dei jaktar i, dersom dei lukkast i å fella ein elg. Maksimalsats på fellingsavgift i 2015 er 510 kr for vaksen elg og 300 kr for elgkalv (Miljødirektoratet, 2015).

Statskog leiger nokre gonger ut hytter som jegerane kan leige i nærleiken av jaktfeltet sitt. Elles er det gjerne mogleg for jegerane å leige private hytter. Jegerane pliktar som elles i elgjakta å ha ettersøksekvipasje (godkjend ettersøkshund og førar), jegerprøve og storviltprøve.

Statskog har krav om minimum mengd jegerar på jaktlaget og ein ansvarleg jaktleiar. Krav til storleik på jaktlag varierer frå jaktfelt til jaktfelt. Jaktlaga må sende inn ein søknad på jaktfeltet dei ynskjer, og Statskog gjer ei trekning om kva jaktlag som får leige jaktfeltet. I denne trekninga kan innanbygds jegerar ha fortrinnsrett (www.statskog.no).

4.2 Grunneigarane

På bygdelaget er det fleire grunneigarar som har slått seg saman og laga eit vald. Kanskje så mange som 50 grunneigarar, får eg fortalt. Men ikkje alle av desse jaktar. Kriteriet for å delta på jakt er at ein eig 500 dekar utmark innanfor jaktterrenget. På ein part kan to jegerar delta på jakt. I bygdejaktlaget må ein altså ha ei bestemt tilknyting til terrenget – ein må vera grunneigar. Kjøtet vert ikkje fordelt utifrå kor mykje terreng ein eig, men utifrå jaktdeltaking. Det vil seia at alle som deltek på jakt, har lik tilgang til kjøt.

I tabell 1 under har eg freista å laga ei oversikt over korleis utgangspunktet og rammene syner seg for dei tre jaktlaga i studien min. Her har eg slått saman dei to jaktlaga som leiger terreng opp imot bygdejaktlaget som er grunneigarar. Desse praktiske skilnadene kan vi ha med oss i bakhovudet vidare i analysen.

Tabell 1: Praktiske skilnader mellom bygdejegerane og leigejegerane.

	Bygdejegerar	Leigejegerar
Bustad under jakta	Heime, eller pendling dersom ein har flytta ut frå bygda	Hytte i nærleiken av jaktterreng
Jakttid	Frå jaktstart til jul, helgebasert	Leigeperioden, 10–15 dagar
Kostnad på kjøt	Fellingsavgift	Grunnpris, kilopris, fellingsavgift
Fordeling av kjøt	Jaktutbyte fordelt på tal deltakande jegerar per aktuell dag	Høve til å kjøpe kjøt frå jaktlaget
Slakteplass	Fast lokale med tilgjengeleg utstyr	Anten lån av lokale eller opprigga stad i nærleik av terrenget. Utstyr: talje, vekt, stige, stropp, viltpose
Frakteutstyr til felt elg	Traktor frå bonde på laget	Firhjuling, jernhest, tilhengjar, pulk
Grunneigar/rettshavar	Jegerane og andre i bygda som ikkje jaktar	Statskog
Opptaksvilkår	500 dekar	Nettverk og godkjenning frå Statskog

Kjelder: Jaktleiar hjå bygdejaktlaget, byjegerane og kollegiet, i tillegg til www.statskog.no.

Som vi ser i tabell 1 ovanfor, botnar altså forskjellen mellom leigejegerar og grunneigarar her i økonomiske forhold, på den måten at grunneigarar slepp kostnader som grunnpris, kilopris og andre utgiftspostar som hytteleige, transport og frakting av utstyr. Når det gjeld utstyr som til frakting av elg og liknande, er dette relativt kostbart utstyr som ein kanskje

bør ha tilgang til. Her er det verdt å nemne at det var stor forskjell på byjegerane og kollegiet i mengda utstyr dei hadde med til leigeterrenget. Byjegerane klarte seg med veldig lite frakte- og slakteutstyr. I tillegg til nødvendig utstyr tapar leigejegerane pengar på å ikkje fylle kvoten dei har fått tildelt, sidan dei må betala ein grunnpris for kvart dyr på kvoten. Dermed er det nærliggjande å tenkje at dei er opptekne av å få noko attende for utgiftene leigejakta fører med seg – særleg sidan tidsperioden er relativt kort. Tabellen ovanfor tek ikkje høgde for anna utstyr som høyrer til det å vera jeger, slik som rifle, ammunisjon, radiosamband, GPS til hund og jegerar, jaktkle og liknande.

5 Skilnadar

Dei openberre skilnadane som rammer og prisskilnad har eg gjort greie for ovanfor. Ved å sjå på meiningstildeling og tilnærming til elgjakta vil eg i denne delen greie ut om skilnadar mellom jegerar og jaktlag som ikkje er like openberre.

5.1 Kjøtet

Verdien på kjøtet er mangfaldig. Å forstå kjøtet som ei viss mengd kaloriar jegerane får ut av jakta, gir eit redusert bilete av rolla til kjøtet. Dette vil eg freista å opplysa her.

Det materielle jaktutbytet er verdsett på forskjellige vis av jegerane. Inntrykket eg hadde i forkant av studien, var at kjøtet var viktigare for bygdejegeane enn for leigejegeane og byjegeane. Rapporten til Øystein Vaagan (1999) støttar ein slik hypotese om at rurale jegerar verdset rekreasjon, mens urbane jegerar verdset kjøtet. Gunnar Breivik (1978) skildrar friluftslivet til bygdefolket som haustingsorientert. Haldninga om at ein ikkje går ærendslaus på tur, er eit klassisk døme på korleis forholdet til naturen er i bygda. Ein lever naturnært og å opphalda seg i naturen er daglegdagse aktivitetar, ikkje noko ein gjer for å slappa av.

Allereie før jakta startar har kjøtet ulike prislappar på dei forskjellige jaktlaga. På bygdelaget må jegerane betala fellingsavgift. Utover dette har ikkje bygdejakta kostnadar ved å jakta. Utgifter til slaktar tek eg ikkje med i dette reknestykket. Leigejegeane har på si side betalt ei grunnavgift før jakta. Grunnavgifta vert betalt for kvart dyr som jegerane har fått løyve til å fella. For å få noko attende for denne inngangskostnaden må jegerane fella elg. Og når dei har felt ein elg, har Statskog fastsette takstar som jegerane må betala per kilo slakt. Mange jaktlag brukar å selja kjøtet for at jakta skal verta rimelegare. Med dette utgangspunktet er det nærliggande å tenkja at rolla til kjøtet er meir som ein del av rekneskapen enn mat for leigejegeane.

Inntrykket eg sit att med, er at kjøtet er meir som ein sideeffekt av jakta for bygdejegeane. Nokre gir uttrykk for at dei likar å eta kjøtet, mens andre igjen seier «eg gir no faen i kjøtet, det er oppskrytt! Elgkjøt er tørt og jævlig, må blande gris i det» (jeger hjå bygdejaktlaget). André forklarar meg at kjøtet vert berre liggjande i frysaren hjå han, og at om han ikkje fekk eit kjøtutbyte frå jakta, hadde ikkje det gjort noko. Verdien på kjøtet varierer litt frå jeger til jeger hjå bygdejegeane. Nokre har tradisjonar for å laga til heimelaga kjøtkaker

eller å invitera på elglag. Det aller beste kjøtet, nemleg indrefiletten, går i viltgryta på den årlege elgfesten, som er tidleg i jakta. På den måten deler jegerane på det beste kjøtet. Dessutan brukar nokon å gi bort kjøtet, til slekt og venner. Dermed ser eg ikkje bort frå at kjøtet har ein verdi i eit sosialt nettverk (Flø, 2015), sjølv om jegeren ikkje verdset kjøtet. Ein av utflyttarane på bygdejaktlaget som kjem tilbake til bygda under jakta, fortel at han vert ein populær mann i byen når han byr inn på elglag. Slik kan vi tenkja oss at kjøtet er spelar ei rolle utanom berre at jegeren sjølv skal eta det, kanskje her i form av ein identitet som jegeren tek med seg og gir ein smakebit av.

Byjegerane legg ikkje skjul på at kjøtet er ein viktig del av jakta. Kjøtet vert skildra som ei forlenging av naturopplevinga og som ei rein økologisk råvare, utan veksthormon. Fleire på laget er opptekne av å sikra god kvalitet på kjøtet og laga eit godt måltid av det. Det er stoltheit i å ta vare på kjøtet på ein god måte, heilt frå korleis skotet vert plassert på dyret, for å øydelegge minst mogleg kjøt, til ein pakkar det i frysaren og tek kjøtet i bruk til mat. Særleg når dyret vert vomma ut, gjer stoltheita seg gjeldande. Då Jonas skaut elgkalven, fortalde han at helst ville han vera aleine når han tok ut vomma, fordi det er så mange ulike meiningar kring korleis ein best skal gjera det.

I løpet av tida eg hadde saman med byjegerane, merka eg at dei var veldig opptekne av hausting frå naturen. Inne på hytta dreia samtaleemnet seg ofte om korleis ein kan førebu ulikt kjøt til god mat. På jakt sank fleire sopp som kunne etast saman med elgen, dersom dei skulle vera heldige å få felt ein elg.

Maten vi åt inne på hytta, bar preg av sjølvforsyning og matauk. Den første dagen i jakta gjer jegerane litt stas på seg sjølve, med god mat og drikke:

Eg kjem fram til hytta seint denne kvelden, sidan eg har vore på jakt heile dagen. Men ikkje for seint, eg vert møtt med eit fulldekt bord med sjølvfiska krabbe og ein raudlista ål, som var røykt. Eit herremåltid. Det var heller ikkje mangel på drikke hjå desse jegerane, heimelaga øl i store kagger med eige kjøleapparat, i tillegg til brennevin (Feltdagbok, byjegerane).

Særleg to av byjegerane legg stor vekt ved kjøtet som ei viktig legitimering av jakta. Kanskje kan vi sjå på haldninga deira til kjøtet som ei moderne tilnærming til jakt. Kva rolle kjøtet spela for dei forskjellige jaktlaga, synte seg å vera annleis enn eg hadde venta

utifrå den tidlegare forskinga. Haustingsdelen av jakta synest å prega byjegerane i større grad enn bygdejegerane.

5.1.1 Kjøtet som ei misvisande legitimering

Sjølv om byjegerane tilsynelatande er interesserte i kjøtet, er ikkje biletet så tydeleg som ein skulle tru. Leif ville syne meg at kjøtet ikkje er viktig mens dei jaktar. Den første dagen slo byjegerane seg saman med leigejegerane som jakta på nabofeltet. Dersom dei skaut ein elg på naboen sitt terreng, ville ikkje byttet høyra til Leif sitt jaktlag. Dette meinte Leif var bevis på at kjøtet ikkje er viktig, men at jakta og at hundane fungerer, er av større verdi. Kanskje kan eg tolke Leif sitt bodskap som eit forsøk på å framheva at det er opplevinga som er viktig med jakta, ikkje kjøtet. Det å jakta for kjøtet sin del er feil legitimering av jakta, får eg inntrykk av at han vil fortelje meg.

På bygdejaktlaget finn eg også liknande oppfatningar om at kjøtet er ei dårleg legitimering. Eg vert tipsa om at kjøtjegerar finst på bygdejaktlaget. «Dei eldre er nok meir kjøtjegerar, mens vi yngre er meir opptekne av spenninga. For dei er det det same kven som skyt, så lenge det vert felt» (Erling, bygdejeger). Men eg lukkast ikkje å finne bygdejegerar som uttrykkjer at kjøtet er eit viktig jaktmotiv. Kanskje kan dette forklarast at kjøtet er ein verdi i jakta som ikkje er vanleg å uttrykkja som motiv, sidan å berre jakta for kjøtet si skuld utfordrar fellesskapet og samhaldet i jaktlaget (Brottveit, 1999). Ein av informantane mine forklarar at han trur ikkje det er positivt å vera for huga på kjøtet, for då vert ein nemleg for «lett på avtrekkjaren». Slik sett kan det tenkjast at kjøtet er viktig, men at det ikkje er vanleg å eksplisitt seia at ein jaktar for kjøtet sin del. På den andre sida står likskapsprinsippet sterkt hjå bygdejaktlaget i denne studien. Ingen får meir kjøtt enn andre, så lenge ein deltek på jakt. Dermed er det ingen implisitte forskjellar som skjuler eit kjøthierarki, slik Brottveit skildrar (ibid.). I tilfelle til Brottveit hadde studiedeltakarane ulik storleik på eigedom og dermed rett på ulik mengde kjøtt. På den måten kunne ein utfordre det sosiale fellesskapet i jaktlaget dersom kjøtet var det einaste jaktmotivet.

«Eg jaktar ikkje for å fø familien», seier Arne frå byjegerane. Å jakta berre for å sikra mattilgang er ikkje eit jaktmotiv jegerane nemner. Naturlegvis er grunnen at vi ikkje treng å jakta for mat i dagens samfunn, at mattilgangen er jamn heile året. Samstundes er det noko særskilt med viltkjøtet. I motsetning til annan kjøtproduksjon, der produksjonskrava er veldig strenge i slaktehandteringa, er jegeren i større grad fri til å slakte slik det høver

seg og selje kjøtet etterpå. Jobben som profesjonelle slaktarar gjer på slakteriet, er jegerane si oppgåve på jakt. Denne oppgåva synest jegerane å ta alvorleg. Motsetningsparet jakt–slakt vert ofte referert til av jegerane. Jakt er positivt ladd, mens slakt er negativt ladd. Jegerane tek avstand frå jaktformer som minner om slakt, særleg i avlivingsituasjonen. Men jakt skil seg også elles i slakteprosessen. Til dømes finst det egne jaktslakteknivar som jegerane nyttar, og egne metodar for å vomme ut og å flå elgen. Sjølv møyring av kjøtet skjer annleis enn på slakteriet. På jakt kan vi seia at jegeren står ansvarleg for kjøtet frå A til Å. Dette fordrar at jegerane har kunnskap kring slaktehandtering av vilt.

Kunnskap om slakthandtering synest jaktlaga å ha egne ekspertar på. Eg trur neppe jegerane ville kjent seg igjen dersom eg skreiv at dei jaktar for å praktisera slakting, men som kjent er den einskilde jegeren si tilnærming til jakt kompleks og sett saman av fleire faktorar som står i samspel med kvarandre. Ein del av denne «jaktpakken» er nettopp å kunne lage til kjøtet på ein god måte. Leif frå byjegerane forklarar meg det er vel så viktig som sjølve jakta å kunne førebu nokre gode måltid.

Mot slutten av dagen datt det ei kvige på posten til Aleksander. Han seier på radioen: «eg treng litt hjelp». Han ville ikkje avsløre kva han hadde skote med ein gong.

Aleksander startar med å vomme ut dyret. Han seier: «no gjer eg det på min måte, ikkje på David sin måte». David vert skuffa når han ser korleis det vart gjort. Han har nemleg gått på kurs og lært korleis dette skal gjerast. Aleksander gjer det på gamlemåten, som ikkje er like god, meiner David. Etter kvart kjem alle på skotplassen og gratulerer skyttaren. Vi legg elgen på ein kjelke og trekkjer han nedover saman. Når vi kjem fram til firhjulingen, trekkjer denne elgen resten av vegen. Nede ved hytta skal elgen flåast, etter at alle har fått ein akevitt. Dette er vanleg å gjera når dei har skote ein elg, får eg forklart. Aleksander og David diskuterer ulike måtar å flå dyret på. Også her finst det mange forskjellige måtar å gå fram på. Eg hadde skrive at eg ville hjelpe til med slikt i forkant av observasjonen. Det gjorde eg også, men forstod at der også må ein trakke varsamt. Eg og David byrjar å flå frå kvar vår side av elgen, og eg går fram slik eg har lært å flå husdyr heimanfrå. Mens vi flår, vert det raskt tydeleg at vi nyttar forskjellige teknikkar. Dei som ser på, kommenterer dette på godt og vondt.

Hjartet tek dei vare på for å steikje same dag, men det vart ikkje ete. Jegerane er veldig opptekne av kjøtkvaliteten på slaktet. Det trengst mykje utstyr til dette: 2 stigar, 2 vinsjar, 1 el-talje, vekt, stropper, viltpose, tilhengjar og knivar. Knivane og kvesseutstyret vart også mykje omdiskutert. Vekta på dyret var ca. 100 kilo. Jaktleiaren tek ut tenner og melder frå til Statskog med ein gong (Feltdagbok, kollegiet).

Å flå elgen og hengja han til møyring er ein ganske naturleg del av jakta og noko som alle jegerar må kunne. Men kva som er den riktige måten å gjera dette på, synest å vera minst like viktig som å vita korleis ein går fram. Ved å kunna den «riktige» måten skil ein seg frå andre jegerar. Ein god jeger skal ikkje berre kunna å flå ein elg, han skal også gjera det riktig, lyder inntrykket eg sit att med. Viktigheita og seriøsiteten som eg tykkjer pregar slaktinga og førebuinga av kjøtet, tenkjer eg vitnar om at dette er ein del av meiningstildelinga til jakta.

5.2 Terrenget

Jakta går føre seg i skogen og på fjellet. Ingen jaktterreng er like. Forskjellige terreng har ulike fordelar og ulemper for jakta. I forkant av studien og under feltarbeidet hadde eg som fersk observatør ei kontinuerleg frykt for å «gå glipp av» viktige element som kunne visa seg å vera viktige i analysen. Får eg med meg alt som er viktig her og no? spurde eg meg sjølv stadig. Terrenget som jakta føregår i, er ein slik kontekst som eg ikkje ville ignorere i denne analysen. Staden er sjølv sagt ein del av konteksten jakta føregår i, og sidan bygdejakta tidlegare har vorte studert nettopp som ein del av bygdelivet, kan ein spørje seg om kva for tilhøve by- og leigejegerane har til terrenget. Vi startar med bygdejegerane.

Alle jegerane som er med på bygdejaktlaget, er rettshavarar. Opptakskravet er at ein eig minst 500 dekar innanfor jakteterrenget. At ein er rekna som grunneigar, synest å vera einstyddande med at familien eller garden ein kjem frå, disponerer 500 dekar. Det vil seia at dersom ein bonde eig ein part, kan sonen eller dottera også jakta på denne parten sjølv om dei ikkje direkte er grunneigar.

Fleire av jegerane har hytte inne på terrenget. Dette er kanskje eit litt uvanleg fenomen, sidan terrenget ikkje er langt frå bygda, men terrenget består ikkje berre av naturlandskap. Mange av grunneigarane har også stolar som høyrer til garden. Desse er ikkje lenger er i

bruk anna enn til beite for sau og ku. Kvar av desse stølane har ei eiga historie som er knytt til familien som eig dei. Slik sett har fleire av jegerane ei slags kulturhistorisk tilknytning til terrenget. Men når eg spør om kva slags tilknytning bygdejegerane har til jaktterrenget, nemner dei den lokale kjennskapen som ein viktig faktor.

Knut frå bygdejegerane peikar på at det er store fordelar med å jakta i bygdelaget med tanke på kostnadane på jakta. Dersom Knut måtte leige terreng, ville det ha «kosta meir enn det smakar», forklarar han.

Gjennom jakt på same stad i løpet av fleire år vert den lokale kjennskapen til terrenget styrkt. Kvar dyra brukar å trekkje og opphalda seg, samt kva fluktruter dei brukar å ta, er viktige erfaringar som går under lokal kjennskap til terrenget. Dette kom til syne på fleire vis. Til dømes fekk eg forklart at postane som jegerane nyttar under jakta, har gått i arv. Tidlegare erfaringar kring kvar dyr trekkjer, har ført til at postane vert plasserte på strategiske stader i jaktterrenget. Desse vert vedlikehaldne på ein dugnad som jegerane sjølve står for, der dei ryddar bort tre og betrar postane. Erfaringane kring kvar det er mest strategisk å plassera seg i ulike situasjonar, er kontinuerleg eit samtaletema før jaktlaget gjennomfører eit drev. Kart er sjeldan i bruk. Jegerane hugsar godt og kan skildre terrenget detaljert for kvarandre (og meg). Å kjenna til trekkruta elgen har og kva som er gode postar og gode drev er ein del av den lokale kjennskapen til jaktterrenget. Kunnskap om lendet er erfaringar som jegerane nyttar når dei avgjer strategiar for jakta.

Den lokale kjennskapen til terrenget inneber også lokal kulturhistorie. Til dømes får eg servert segner om fjellformasjonar og gamle bygg. Samt historier bak namn på ulike stader, som myrar, vatn, vegar og stiar. Den lokale kjennskapen er verdifull for jegerane. Når eg spør om dei like gjerne kunne ha jakta ein annan stad, gjer denne kjennskapen seg gjeldande, fordi det å vera kjent i området er viktig for å lukkast i jakta. På ein ny stad må denne kunnskapen tileignast på nytt. I dette terrenget går denne kunnskapen i arv, overført i munnleg form blant jegerane.

5.2.1 Byjegerane

Byjegerane jaktar på fleire forskjellige terreng og på ulike artar. Simon og Arne verdset å vera aleine i naturen. Jonas meiner at jaktkjensla kan vera like sterk same kvar ein er. Alfred trur at tidlegare opplevingar i området, gjer ein knytt til eit jaktterreng. Leif verdset den lokale kjennskapen.

Leigeterrenget til Statskog har dei disponert i fire år. Leigeperioden er snart over, og jegerane må finne ut om dei vil søkje på eit nytt terreng eller om dei skal freista å behalde det same. Denne diskusjonen fann stad ein ettermiddag i jakthytta:

Tilbake på hytta, etter nok ein dag utan jaktutbyte, drøftar jegerane moglegheitene for eit nytt terreng. Forskjellige meiningar kjem til syne når eg bryt inn og spør kva kriterium eit godt terreng må ha. Nokre vil fortsetje her: «terrenget er lett å gå i og vi er kjende her. Ein ny stad må vi verta kjende på nytt!» (Leif). Arne: «elgtettleik er det viktigaste! 100 % felling». Laget sjekkar statistikkar for å finne ut av fellingsprosenten.

At det ikkje er langt å køyre, er eit kriterium for nokon.

Så kjem spørsmålet om kvar ein skal bu. Eit godt terreng framfor ei god hytte vegast opp i mot kvarandre. Arne føretrekkjer «i lavvo med 100 % felling i motsetning til 30 % og hytte». Arne har ambisjonar og argumenterer for dei beste terrenga i landet. Leif: «Nei då vert eg heller heime». Leif er ikkje like oppteken av fellingsprosenten. Elg eller hjort vert også eit tema. Stor bukk og mengd er viktig for Arne og Simon. (Feltdagbok, byjegerane)

Dei forskjellige verdsetjingane i jaktterrenget gir uttrykk for noko av det jegerane ynskjer å få ut av jakta. Kanskje eit typisk eksempel på at Leif som er ein eldre jeger, ikkje er like oppteken av å fella mange dyr. Han tek til orde for at jakta ikkje skal dreie seg om fellingsprosent, og uttrykkjer at den lokale kjennskapen og ei lagleg hytte er viktigare.

5.2.2 Kollegiet

For jegerane som også jaktar elg i heimbygda, tilbyr leigeterrenget ein slags fridom. Dei kan jakta med hundar framfor med folkedrev, og hundejakt er dei veldig begeistra for. Leigejakta er den «verkelege» jakta ifølgje kollegiet. I heimbygda er jaktforma folkedrev, ei jakt som er så effektiv at jegerane reknar henne meir som slakt.

Det er heller ikkje så mange jegerar på laget, og dette som gir større skotsjanse for den einskilde. Kjetil meiner ein må sjå det store biletet – ikkje berre prisen dei betalar for jakt, men også naturopplevinga som terrenget tilbyr. Aleksander framhevar at det er viktig å vera kjent i terrenget, å vita korleis dyra trekkjer.

Når eg har snakka med jegerane i kollegiet om lik sjanse for elgen, kjem det fram ei spennande side ved leigejakta. Det at dei føretrekkjer leigejakta framfor jakta i bygda, seier noko om kva førestillingar dei har om korleis jakta skal vera.

I samanlikninga av den organiserte bygdejakta og leigejakta forstår eg at jegerane er friare på leigejakta. Val av postar er opp til ein sjølv, og det å byte post i løpet av eit drev er også sjølvstyrt. På den måten er jegerane på kollegiet i høgare grad deltakande i strategiplanlegging og korleis ein skal lesa terrenget. Hjå leigejegerane har ikkje jakta same struktur som bygdejakta. I dette legg eg blant anna at organiseringa ikkje er like streng på leigejakt. Jaktleiaren sit rett nok med ansvar, men i praksis syner han seg meir tilbakelent etter mi oppfatning, slik at jegerane er likeverdige i avgjerdene dei skal ta. Dette fordrar at den einskilde er meir inkludert i jakta, som vi igjen kan trekkje fram som eit grunnlag for at jegerane finn leigejakta meiningsfull.

6 Likskapar og sosialisering

Som eg introduserte i kapittel 2, er sosialisering eit viktig omgrep i denne oppgåva. Her vil eg nytta sosialisering som analytisk perspektiv til å syna noko av likskapane eg har funne. Først vil eg ta føre meg den formelle sosialiseringa og deretter den uformelle.

6.1 Formell sosialisering

Jegerprøva er del av den *formelle* sosialiseringa som jegerane må igjennom. Etter 1986 må alle førstegongsjegerar greie jegerprøva før dei kan jakta. Det året ein fyller 14, kan ein ta jegerprøva. Når ein er 16 år, kan ein jakta småvilt, og frå ein er 18 år, kan ein jakta storvilt. På nettsidene til Miljødirektoratet kan vi finna studieplanen og dei ulike temaa for det obligatoriske kurset som leier fram til jegerprøva:

Jakt og holdninger, våpen og våpenlovgivningen, human og sikker jakt i praksis, artskunnskap, lover og forskrifter, skyting og fangst, jaktformer og ettersøk, jakthunder og dressur, ivaretagelse av viltet (Miljødirektoratet, 2013).

Dette er dei overordna punkta som jegerprøva skal syte for at alle jegerar har vore gjennom. Som vi ser, er dette dei generelle lovene, normene og ideala som jegerane skal lære. Som storviltjeger må ein også gjennom skyttarprøva kvart år. Dermed er ikkje jaktopplæring berre noko som skjer privat, men også eit felles nasjonalt mål på kva kunnskap og ferdigheiter ein jeger må ha. Allereie i jegerprøveboka finn vi framstillingar om kva god jaktkultur er:

En god jaktdag er en dag med vel gjennomført jakt, fysisk krevende, med naturopplevelser, gode prestasjoner av medvirkende hunder og uten at skadet vilt blir igjen i markene (Lier-Hanson & Wegge, 2010, s. 44).

På eit overordna plan kan vi seia at alle jegerar vert sosialiserte inn i same jaktkultur gjennom jegeropplæringa. Dette var også tydeleg i mine data. I neste avsnitt skal vi sjå litt på korleis jegerane ser på dette, med utgangspunkt i kva dei ser på som ein god dag på jakt.

6.1.1 Ein god dag på jakt

For å forstå meininga jegerane legg i jakta, har eg blant anna bedt jegerane skildra ein god dag på jakt. Når eg samanfattar dei ulike jaktlaga, er det overraskande mykje som går igjen.

Mange av jegerane byrjar med å nemna fint vêr som ein faktor for å ha ein god dag – gjerne knytt til at ein ikkje sit på post og frys, eller at vêret er surt, til dømes med regn, sludd eller vind. Det neste på lista er spenninga. På ein god dag har ein opplevd spenning i jakta. Det kan vera når ein høyrer losen koma i si retning, at elgen kjem i nærleiken, i det heile at jegerane opplever at dei har «føling med dyra».

Fleire framhevar at å fella eit bytte ikkje er avgjerande på ein god dag. Dagen kan vera veldig fin sjølv om jaktlaget ikkje får felt noko. Samstundes er det gjerne ein god dag når dei fell ein elg. Ikkje berre for den einskilde, men for heile laget. Slik sett er ikkje det å fella ein elg føresetnaden på ein god dag, men heller noko som kan gjera ein dag betre. Ein av informantane seier at «det består ikkje berre av det å ta liv. Det er jo avslutninga på det, som eigentleg er tragisk [...] Men samstundes er det også det morosamaste» (Thomas, kollegiet). Denne tankegangen synest å vera rådande i dei forskjellige jaktlaga. Sjølv om ein vender tomhendt heim, er ikkje dagen meiningslaus.

Når elgen vert skadeskoten er det grunnlag for ein dårleg dag på jakt, forklarar fleire jegerar meg. Då vert heile laget straffa og må innstilla jakta for å driva ettersøk. Men å unngå skadeskyting, eller at skadeskyting ikkje skjer i det heile, er ein del av ein god dag.

Nokre jegerar er opptekne av fysisk aktivitet i løpet ein god jakt dag. Med dette meiner ein ofte at jegerane får gå mykje og slepp å sitja i ro. Både jaktleiar hjå bygdejegeane og byjegeane kommenterer at for mykje bilbruk er uheldig.

Hundeførarane er særleg opptekne av at hundane gjer ein god jobb i løpet av ein god dag. Fleire av hundeførarane på alle jaktlaga syner til at gjennom hunden vert jakta spennande. Nokre av hundeførarane seier at dei ikkje ville ha jakta om dei hadde vore utan hund. At hunden tek ut dyr og «fungerer optimalt», er særleg viktig for hundeførarane. Det heng òg saman med at jaktlaget har ein god dag når hunden tek ut elg. I hovudsak er det viktig at å vera på jakt ikkje vert keisamt.

Skildringane av ein god jakt dag minner mykje det som er skissert ovanfor som god jaktkultur i jegerprøveboka (Lier-Hanson & Wegge, 2010). Dette tyder på at sjølv om dei forskjellige jaktlaga har ulike utgangspunkt for jakta, har norsk jegeropplæring ei viktig rolle i forminga av jegerar. Vi kan derfor i utgangspunktet undre oss over om dei tre jaktlaga i denne studien har fleire likskapar enn det som følgjer av den formelle sosialiseringa. I neste del skal vi sjå på korleis den uformelle sosialiseringa er med å forme jegerar.

6.2 Uformell sosialisering og introduksjonen til jakt

I dette avsnittet vi eg utifrå empirien min syne korleis jegerane lærer opp nye og skapar normer kring korleis jakta skal vera i deira jaktlag. Eg byrjar med bygdejegerane.

Godt inn i jaktperioden hjå bygdejegerane er eg huga på å vera med ein far som har med sonen på post. Så eg spør Tore, som har med sonen Sigurd, om eg får sitja saman med dei i dette drevet. Det går dei gjerne med på.

Vel til rette på post og etter å ha tenkt meg om, spør eg Tore rett fram: «Kvifor meiner du at det er viktig med born på jakt?» Han ser alvorleg på meg, nett som om eg har stilt eit personleg spørsmål og svarer: «Eg tenkjer på meg sjølv ... Prioritere det [jakta] framfor å flyge på byen, kjennskap til kvar maten kjem ifrå, å sjå litt blod tek dei ikkje skade av ... Og så er det selskap på post ...» Vi snakkar vidare om dette temaet, nett som om vi ikkje sit og ventar på at det skal koma ein elg. Det vert tydeleg for meg at dette er eit tema han tek alvorleg. Han nemner «stilleprøva», som er ei prøve han har for borna sine. Ho går ut på at borna må sitja heilt stille og urørleg på post, slik at sjansen for å få elg på post ikkje vert spolert. Den yngste sonen hans har ikkje klart prøva endå og får derfor ikkje vera med. Han forklarar meg at dersom borna er med frå barnsbein av, er det lettare for at jaktinteressa «set» seg betre. Som døme nemner han nokre klassekameratar som prøvde seg på jakt nokre år, men så ga dei seg, fordi interessa ikkje var stor nok, meiner Tore.

Mens vi sit og ventar på post, peikar Tore på eit tre som er feia av elgen og spør Sigurd: «Veit du kva det er for noko?». Sigurd veit det ikkje, og Tore forklarar korleis elgen markerer territoriet sitt med å skrape på trea med geviret sitt. Eg tenkjer med meg sjølv at dette er eit klassisk døme på korleis kunnskap og jaktferdigheiter vert overførte frå far til son. Gjennom deltaking på jakt og overføring av kunnskap vert neste generasjon i bygda

gjorde til unge berarar av jaktkulturen. «Stilleprøva» og slik kunnskapsformidling eg så tydeleg vitna, er døme på korleis dei unge i bygda vert sosialiserte inn i jakta. Faren formidlar jakt som ein sunn hobby, og ungane får delta i denne sosiale hendinga i bygda og vert inkluderte tidleg. Dette er noko som er felles for mange av jegerane eg snakka med i bygdejaktlaget. At dei har vorte introduserte til jakt gjennom far sin⁴.

Då eg var med Sigurd og Tore på post, sat vi store delar av tida utan å seia mykje. Sjølv om ikkje mange ord vart utveksla, låg det òg forventningar kring korleis ein skal sitja på post. Ein må sitja stille og urørleg, og ikkje laga ein einaste avslørande lyd. Samstundes rettar ein sansane inn i jakta. Ein lyttar etter losen, eller elgen. Ein kjenner kva retning vinden har. Ein saumfer terrenget med augo, etter teikn som har relevans for jakta. Slik kan vi seia at jegeropplæringa startar hjå ein ung jeger. Ikkje berre på eit plan der jaktferdigheiter er vesentleg, men også gjennom korleis terrenget skal takast i bruk, og korleis jakta skal gå føre seg. Gjennom deltaking aukar den unge jegeren lokalkjennskapen sin til terrenget, kvar elgen trekkjer, og kvar dei ulike postane er.

Hjå kollegiet har jakta vorte introdusert på ulike vis, gjennom far, nabo og på eige initiativ. Tidspunktet då dei byrja å jakta, er òg varierende. Nokre byrja å jakta då dei var gutungar, andre igjen starta i tjuåra. Ein av jegerane på laget, Sven, er heilt fersk som jeger. Han tok jegerprøva i vinter, og skal for første gang delta i elgjakta. Å vera med kollegaene på jakt synest Sven er eit godt sosialt tiltak. Jakta er ein fin sosial arena, synest han.

Sven var ikkje med på jakt alle dagane, for han måtte jobbe litt samstundes som jakta, men eg var med han på post ein av dagane:

I andre drev er eg og Sven på ny post. Litt inn i drevet kan vi høyra losen. Han er faktisk på veg mot oss, eg kjenner spenninga byggja seg opp på Sven sine vegner. Vert eg vitne til Svens første elgfall? tenkjer eg. Sven derimot er ikkje like prega av spenning. Han vil gjerne gå ned igjen til hytta og henta ein kikkert og gå på do. Når

⁴ Eg er ikkje den første som ser dette mønsteret i eit bygdejaktlag. Fleire har synt dette, til dømes Myrstad, *Skogens konger, sønner og enkelte døtrer*, 1999, og Borgen, *Ungdom på jakt, kulturelle mønstre i utmarka*, 2010.

han melder frå over radioen at han vil ned igjen til hytta, får han klar beskjed om å venta. Han spør jaktleiaren om å få byte post, mens losen er rett ved oss. Dette er heller ikkje godt motteke, og Sven får beskjed om å vente og ikkje prate meir over radioen (Feltdagbok, kollegiet).

Sven var litt annleis enn dei andre når han var på post. Han sat ikkje i ro, og kunne gjerne setje frå seg børsa, gå litt rundt og kike på utsikta. Eg tenkte eg burde seia noko om korleis dei andre brukar å sitja, eller korleis det er vanleg å sitja på post. Eg ville syne han korleis best mogleg sitja på post, slik skotsjansane vart betre. Men dersom eg gjorde det, utfordra eg mi rolle som observatør. Dessutan såg eg føre meg at denne situasjonen var ei glimrande moglegheit til å sjå korleis ferske jegerar tileignar seg jaktkunnskap i dette jaktlaget. Sven fekk ikkje nokon reprimande etter denne hendinga. Ingen på jaktlaget tok på seg instruktørhatten og forklarte korleis han skal gå fram. Men samstundes gjorde dei andre klart kva dei forventar. At han sit på same post og ikkje lagar lyd, særleg ikkje midt under eit drev. Det er opp til den ferske jegeren å leve opp til forventningane til jaktkameratane, ved å følgja normene som dei andre jegerane. Denne ferske jegeren vert her sosialisert i eit praksisnært sosialt fellesskap.

Kunnskapsformidlinga stoppar ikkje med jegerprøva. *Basiskunnskapar* kallar ein av informantane mine jegerprøva for. Det gir eit bilete av at jegerprøva er ein «del av vegen» når ein skal verta jeger. Heller ikkje startar jaktopplæringa med jegerprøva for alle. For mange startar jaktlærdomen lenge før. Å verta sosialisert til bygdejeger kan vi kalle ei tilnærming til jakt. Dei meir urbane jegerane eg har følgd, har ikkje vorte introduserte til jakt på same måten. Når ein ikkje veks opp på bygda med familie som praktiserer jakt, må ein læra å verta jeger på andre måtar. Hjø dei urbane jegerane eg har snakka med, er det gjerne ein kamerat eller venner som har vore viktige i jaktopplæringa. Eg vil likevel ikkje seia at dei urbane jegerane har mangelfull opplæring, for det er ikkje oppfatninga mi.

6.2.1 Vedlikehald av normer i jaktlaga

I dette avsnittet vil eg setja sosialiseringa til jegerane på prøve. Eg har snakka med jegerane i dei forskjellige jaktlaga om kva som skal til for å verta ein del av jaktlaget, og kva som skal til for å verta ekskludert frå jaktlaget. Dette er sett på spissen, men er meint å gi eit innblikk i korleis jaktlaga tek vare på normene og reglane sine.

Å verta ekskludert frå eit jaktlag krev eit grovt overtramp av reglane, får eg forklart av bygdejegerane. Kvar grensa går, har eg ikkje fått ei klar oppfatning av. Til dømes ville det å skyta eit dyr utanom kvoten utfordra sanksjonstiltaka i eit jaktlag. Men så enkelt set ein ikkje grensa: Var handlinga bevisst? Var det eit uhell? Om nokon skal utvisast frå jaktlaget, skal det gjerast ei vurdering utifrå skjønn, forklarar jaktleiaren hjå bygdejegerane meg. *Indrejustisen* er eit uttrykk eg vart kjend med i løpet av jakta. Vi kan sjå på indrejustisen som ein del av sosialiseringa, som skal leia jegerane til å følgja reglane og normene i jakta.

Til no har ikkje bygdejaktlaget praktisert nokon konsekvensar av brot på reglar i jaktlaget. Dei har diskutert temaet fleire gongar, men ikkje kome til semje om å praktisere sanksjonar. «Vedkommande får kjenne det på kroppen og får ei kald skulder», seier jaktleiaren. Slik eg forstår jaktleiaren, opplever ein jeger som bryt reglane, tydelege signal frå resten av jaktlaget om at slik åtferd ikkje er godteken. På den andre sida vert normene forsterka og oppretthaldne gjennom å framheva riktige handlingar. Eg vil syna dette i eit døme frå empirien min:

Cirka ein time inn i drevet høyrer vi smellet. Vi får ikkje bekrefta fall, men det skjer mykje på radioen. Vi får ikkje tak i alt, men veit at ingen skot skal løysast før den skotne elgen er funnen. Det er til ulykke for fleire. Ein av dei yngre jegerane fortel over radioen at han har ein firetaggar (to år gammal elgokse) på posten sin og lurar på kva han skal gjera. Elgokse med fire taggar er det einaste jaktlaget har på kvoten av oksar i år. Den unge jegeren sit og kikar på ei gyllen moglegheit til å fella sin første elg og på toppen av det heile ein okse! Jaktleiaren gir beskjed om å ikkje skyta.

Vi samlast og ventar ein time. Nokre sjekkar ut skotplassen, den gamle (over 80 år) skaut ståande på 100 m. Fleire drøftar om det var ein bom. Truleg var det bom, får eg høyre av fleire, men sidan drivaren fann spor som tydde på at elgen hadde lagt seg ned i ein bekk, vert det litt tvil. «Han legg vel børsa på hylla no», høyrer eg nokon seia om den gamle skyttaren. Stemninga rundt bålet er ikkje så verst. For meg som kom utanfrå, var det ikkje lett å tyda kven som skadeskaut elgen. Det verka snarare som folket var nøgde med at dei handterte situasjonen godt og ikkje skaut noko meir. Samstundes syntest alle synd på rekrutten som fekk elgokse på post, men ikkje fekk skyta (Feltdagbok, bygdejegerane).

Den gamle jegeren som skaut, fekk ikkje krass kritikk for å ha gjort eit dårleg val. Sjølv om eg høyrde fleire seia at å skyta ståande på 100 meter er ikkje ein god ide, var det ingen som kritiserte openlyst. Det kan tenkjast at utgreiinga av kva som hadde skjedd og ettersøket var straff nok. I samlinga etter drevet, framheva fleire at jaktlaget handterte situasjonen riktig. Særleg ved at den unge jegeren ikkje skaut elgoksen som stod med breisida til på posten. Jaktlaget viser medkjensle og respekt for den unge jegeren. Eg ser på dette som ein del av den pågåande sosialiseringa i jaktlaget. I denne situasjonen formidla jaktlaget tydelege haldningar og verdiar.

«Skikkelige jegerar, ikkje villmenn!» seier jaktleiaren hjå byjegerane om dei som får vera med på jaktlaget. Han vil ikkje ha med jegerar som kan gi jaktlaget dårleg omdømme. Også innan byjaktlaget er ein indrejustis til stades. Åtferd som ikkje er ynskt, får konsekvensar: Følgjer ein ikkje normene og reglane i jaktlaget, er ein ikkje utan vidare velkommen. Jaktleiaren fortel at det har vore tilfelle der han har ekskludert jegerar frå jaktlaget. Det dreia seg om ein jeger som skaut på lange hald, skadeskaut og skaut på fuglar i lufta med rifla. Slik åtferd vil ikkje jaktleiaren ha.

Ein av jegerane på byjaktlaget fortel at noko av det verste ein kan gjera, er å vera uærleg. Til dømes å skyta eit dyr utan å seia ifrå til andre på laget, med eit ynskje om å ta dyret sjølv og lure dei andre. Ein annan jeger på byjaktlaget legg vekt på personlege eigenskapar. Han meiner at ein må vera raus med kvarandre, ikkje firkanta og sta. Ein må «passe inn» blant dei andre jegerane for å kunne delta på jakt.

Som leigejeger kan ein også verta ekskludert av Statskog. Slik sett er leigejegerane under strengare oppsyn enn bygdejegerane. Jaktleiaren sit med ansvaret for at jegerane har jegerprøve og har betalt jegeravgifta for årets jakt, men dei andre jegerane på jaktlaget er ikkje av den grunn fritakne frå ansvar. Dei syner seg framfor alt som ansvarlege gjennom handlingane sine.

Kollegiet har også liknande oppfatningar om kva som er grunnlag for å verta utvist frå jaktlaget. Jegerar som skyt på alt som lear seg i skogen eller skyt dyr utanom kvoten er ikkje velkomne på laget. Dette er det ikkje berre jaktleiaren som uttrykkjer, for dei andre jegerane på jaktlaget synast å ha same oppfatningar. Ein av jegerane i kollegiet er ny på laget. Han har jakta mykje rådyr tidlegare, men ikkje elg. Som ny på jaktlaget trur han det

ligg forventningar frå dei andre om at han gjer som jaktleiar seier, er hyggjeleg og blid, og at han følgjer retningslinjene og reglane for jaktlaget.

6.2.2 Jakthistoriene

Her vil eg skrive litt om dei mange jakthistoriene eg har høyrte i feltarbeidet mitt. Eg vel å ta med dette for å syne korleis historiene kan leggja føringar for normer og haldningar som er ynskte blant jegerane.

Nett som i eit gammalt eventyr kjem forteljarkunsten attende på jakt. Rundt bålet, inne i hytta og ute på jakt får eg høyre jakthistorie etter jakthistorie. Utan TV eller radio er historieforteljing eit perfekt tidsfordriv. Ein eigen diskursanalyse skulle ha vore vigd til dette temaet, men er diverre ikkje innan rekkjevidde for studien min. I beste høve vil eg peike på den rolla jakthistoriene har i den pågåande sosialiseringa i jaktlaga.

Historiene kan dreia seg om mykje forskjellig, men nokre gongar er dei prega av kunnskaps- og verdiformidling. Av elles stilfarne jegerar får eg serverte detaljerte og stemningsfulle skildringar av opplevingar dei har hatt, gjerne i samanheng med eit dyr dei har skote. Kunnskapsformidlinga tek form som både sanseintrykk og erfaringar. Fleire av historiene eg har høyrte gjennom hausten, byrjar med å skildre sporteikn, vêret og vinden. Deretter kjem dei inn på korleis byttet kjem snikande inn på posten, åtferda til dyret, kva losen gjer, og korleis jegeren tenkjer og handterer situasjonen. Dei små tipsa ein kan plukke opp i historiene, gir høve til å visualisere og lære korleis ein handterer skotsituasjonen. Verdiane kjem til uttrykk gjennom korleis jegerane deler tankane sine: «Kua stod i vegen for kalven, derfor ville eg ikkje skyta» (Håkon, bygdejegeane). Ei slik utsegn er klassisk for å formidle korleis jegeren beheld roa i skotsituasjonen og ventar tolmogig på at han er sikker på at han ikkje vil skade to dyr. Helten i historia er jegeren som hadde «is i magen» og lét vera å skyta.

Mange av historiene er gjengangarar. Typisk er forteljinga om uvørdne jegerar som skyt vådeskot, eller om ein jeger som tek ei dårleg avgjerd og skyt kjeven av eit dyr. Døma i historiene står fram som skrekk og åtvaring for jegerane. Slik kan historiene leggja føringar for normer og haldningar som er ynskte blant jegerane.

I fare for å romantisera desse jakthistoriene ufortent mykje vil eg påpeike at fleire er kjende for å overdrive i fråsegna. Når den eine historia toppar den andre, er det nett som om alt er lov å fortelje – både om ulovleg og umoralsk jakt. Når informantane mine fortel

jakthistorier, får eg av og til ei kjensle av at «alt er lov» for å fortelje ei god historie. I denne samanhengen gjeld ikkje lenger norma om å ikkje skryte. Gjennom fråsegna kan ein fortelja om store bragder ein sjølv har gjort og vera friteken frå å vera ein «skrytepave». Nett som det er ei ærleg sak å fortelja ei historie.

For min analyse vil dette seia at jakthistoriene tilbyr ei slags innsikt i jegerane sine tenkjemåtar. På den eine sida kan vi snakke om korleis jegerane formidlar moral, retningslinjer og kunnskap igjennom historiene. På den andre sida kan vi snakke om korleis historiene bryt eksplisitte haldningar og verdiar. Dette gir ein kritisk grunnlag til å spørje om jegerane fortel noko normativt om si eiga tilnærming til jakt, men inst inne betyr jakta noko heilt anna. Dette kjem eg attende til. Det viktige her er å framheve at jakthistoriene har ei medverkande rolle i den pågåande sosialiseringa i jaktlaga, både hjå by- og bygdejegerar.

6.2.3 Å veksa opp som jeger eller å verta jeger

Vi kan oppsummere med at sosialiseringa skjer på fleire måtar. Ho skjer dels gjennom jegerprøva, dels i oppvekst og dels i jaktlaga. Som vi ser, har bygdejegeren ei særige sosialisering til jaksfæren. Konteksten er bygdelivet og bygdejakta. På den andre sida har vi jegerane som ikkje har vakse opp med jakt, og som på eige initiativ har vorte jegerar. Ser vi på kunnskapen vi har til no om sosialiseringa i jakta, er den formelle sosialiseringa lik for begge partar, mens den uformelle sosialiseringa kan vi bekrefte som ulik når det gjeld oppvekst – altså utifrå om ein har jakta frå barnsbein av eller ikkje. Til slutt har vi sosialiseringa i jaktlaga. Sosialisering som analytisk perspektiv gir rom for å forklare likskapane mellom jaktlaga. Gjennom den formelle jegeropplæringa og den uformelle sosialiseringa i jaktlaga vert jegerane sosialiserte inn i same jaktkultur. Med andre ord erkjenner vi den særige sosialiseringa til bygdejegeren, samstundes som vi kan framheva sosialiseringa i jaktlaga som ein minst like viktig faktor.

For det første er det i praksis at tilbakemeldingar vert tydelege. Haldningar og verdiar vert konfronterte og irettesette gjennom jakta. Den uformelle sosialiseringa i jaktlaga er spesifikk, konkret og knytt til korleis ein skal handle i mangfaldige konkrete situasjonar. Ho dreiar seg om å forstå situasjonane med eit modent blikk, utifrå eit felles skjønn. For det andre er sjølvjustisen som finst i jaktlaga den openberre faktoren som legg føringar for jakta. Når ein kjem inn på eit jaktlag, bør ein følgja normene og retningslinjene som

jaktlaget har for å vera ein del av det sosiale fellesskapet. Slik forklarar ein informant dette: «Det er trass alt ein lagidrett. Det er viktig å følgja med på fellesskapet» (Magnus, bygdejegerane). For det tredje kan vi snakke om ein felles jakt-etos som jegerane gir uttrykk for.

7 Likskapar og jakt-etos

Vi har sett korleis både uformell og formell sosialisering er med på å forme jegerar. Her vil eg gå vidare og drøfte nokre av likskapane mellom jaktlaga og syna ein etos som synest å vera rådande hjå studiedeltakarane.

7.1 Kva er ein god jeger?

Spørsmålet om kva jegerane forbind med å vera ein god jeger kan tolkast på fleire vis, til dømes på eit sosialt plan eller generell dugleik som jeger. Då eg spurde jegerane om dette, var eg først og fremst oppteken av kva dei spontant assosierte med ein god jeger. Derfor la eg ingen føringar for korleis dei skulle tolke dette spørsmålet. Likevel synest skildringane av ein god jeger å vera relativt like.

Bygdejegerane vektlegg ein ansvarleg og kyndig jeger. Den gode jegeren er ein som unngår skadeskyting så godt som mogleg, og han bidreg og tek omsyn til fellesskapet. Kollegiet viser til at det å vera ein god jeger ikkje er einstyddande med å skyta mange dyr. Han er ikkje ein «verdsmeister» som skyt på alt som lear seg. Den gode jegeren har sosiale antenner i tillegg til gode jaktferdigheiter. Den gode jegeren bidreg til fellesskapet og snik seg ikkje unna arbeid som ettersøk, flåing eller vomming. Ein jeger legg vekt på at det å jakta er meir enn å «trekkje i avtrekkjaren». Ein rik jeger kan kjøpe seg jaktrettar i gode jaktterreng og fella mange dyr, mens ein jeger som har dårlegare råd, må jakta i dårlegare terreng og er avhengig av gode jaktferdigheiter. Byjegerane syner mykje til dugleik som jeger, men også til sosiale verdiar som å vera raus og ikkje firkanta mot dei andre på jaktlaget, i skildringane av den gode jegeren. «Villmenn» som er uvørdne med våpentryggleik og skadeskyting, er ikkje utan vidare velkomne på jaktlaget.

Nokre nyansar i skildringane finst, men i det store og heile liknar oppfatningane i dei forskjellige kategoriane på kvarandre. Det er i seg sjølv interessant. Dette tyder på at sjølv om jegerane har ulike utgangspunkt for jakta, rår det felles oppfatningar om korleis jakta skal gå føre seg. Dette kan igjen peike mot ein jaktkultur som har visse krav til korleis jegerar bør vera. Her er ein ansvarleg, audmjuk og kyndig jeger framheva slik ein god jeger bør framstå.

Ser vi i jegerprøveboka finn vi retningslinjer for god jaktkultur under alminnelege jaktreglar, eit samandrag frå nordisk jaktkongress i 1972.

- a. Skryt ikke av ditt jaktbytte, og konkurrer ikke med andre jegere om antall felt vilt
- b. En god jeger streber ikke etter å felle så mye vilt som mulig. Han ønsker ved skikkelig jakt og under fysiske anstrengelser å felle med gode skudd det antall vilt som viltstammen tåler å bli beskattet med (Lier-Hanson & Wegge, 2010, s. 44).

Skildringane av ein god jeger i *Jegerprøveboka* ser ut til å ha mykje til felles med jegerane sine egne skildringar. Dette gir ein smakebit av den jakt-etosen som ser ut til å vera felles for jegerane. Ser vi på anna forskning er ikkje det å snakke om etos i jakta ukjent. Bjørn Egil Flø skildrar ein stadeigen etos i essayet «Sex, sprit og elgokse» (Flø, 2015). Der får vi innblikk ei bygd som har ein eigen etos for korleis jakta skal vera, samt korleis denne vert utfordra av utanbygdes jegerar. Her vil eg konsentrera meg om etosen vi kan finne hjå jegerane i denne studien, og kva omstende som utfordrar han.

7.2 Jaktkritikk og forvaltning

Når jegerane drøftar ulike syn på jakt, er forvaltning av bestanden det soleklare argumentet jegerane framhevar. Ei målretta avskyting gir god helse på hjorteviltet fordi ein lukar ut dei svake dyra og held elgstammen mest mogleg produktiv. Dessutan er det viktig at elgstammen vert regulert, slik at det ikkje vert for mange elgar som må konkurrere om maten, vert råka av sjukdom eller vert påkøyrd. Sidan rovdyra ikkje er så utbreidde lenger, er det jegerane som regulerer elgstammen. Jegerane ser ikkje på rolla deira som forvaltarar som noko negativt: «Det er vel betre at vi gjer det enn at førti ulvar spring opp i lia her» (Magnus, bygdejegerane). «Ulven den må ha mat, det må ikkje vi. Vi kan velje å ikkje skyta» (David, kollegiet). Temaet rovdyr dreiar seg stort sett om ulven. Det er ulven jegerane helst vil snakke om. Bortsett frå eit fåtal er jegerane opptekne av at ulvepopulasjonen skal haldast nede. Bygdejegerane drøftar rovdyrproblematikk i samband med utmarksressursar og landbruk: Både jakt og landbruket vil få problem dersom ulven slepp til. Leigejegerane ser på ulven som ein trugsel imot jakta. I kollegiet har fleire av jegerane mykje medkjensle med jaktlag som vert råka av ulveproblematikk.

Forvaltning av hjorteviltet⁵ synest å vera noko som jegerane er medvitne om. Kva som er klok forvaltning og dårleg forvaltning, finst det fleire meiningar om. Skal ein ta vare på produksjonsdyra? Skal ein gi løyve til å skyta store oksar, eller trengst dei i avlen? Skal ein

⁵ Elgen går under kategorien hjortevilt.

skyta kalvar? Kvoten som dei ulike jaktlaga får utdelt kvart år, fortel kor mange dyr jegerane får løyve til å fella det aktuelle året. Naturlegvis er denne kvoten kimen til mange diskusjonar eg har høyrte i feltarbeidet mitt. Kvifor ikkje skyta okse i år? Kvifor har vi så mange/få dyr på kvoten i år? Her vil ikkje eg ta føre meg kva som er «riktig» forvaltning. Det interessante for meg er at dei fleste tek stilling til forvaltninga. Det er eit tema som ofte vert drøfta. God forvaltning skal ifølgje jegerane leia til ei sunn og god helse på hjorteviltet, i tillegg til at ein må tenkje langsiktig og syte for at det er dyr å jakta på i dei komande åra. Det er ikkje vanskeleg å forstå at ulike synspunkt hjå jegerane vert utfordra i praksis når temaet er forvaltning. Men eit viktig aspekt ved dette er den generelle oppfatninga eg møter hjå jegerane om å respektere den offentlege forvaltninga. På det jamne har eg inntrykk av at jegerane har tillit til dei lokale forvaltningsplanane som vert laga, og at dei ikkje ynskjer å bryta desse. Altså gir både by-/leigejegerane og bygdejegerane i denne studien uttrykk for at dei ynskjer ei god forvaltning, og at dei understrekar at det er viktig å respektera kvotane dei får.

Ei anna side ved forvaltning av hjortevilt er at jegerane brukar dette som ei viktig legitimering av jakta. At ei viktig årsak til at ein bør driva med jakt, er nettopp å regulera viltstammen. Samstundes seier ein jeger klart og tydeleg at «eg jaktar ikkje av plikt» (Magnus, bygdejeger). Altså det er ikkje eit stort behov og ynskje om å ha kontroll over viltstammen som er årsak til at jegerane jaktar, men at ein gjer ei god gjerning når ein utnyttar ein viktig resurs samstundes som ein held viltbestanden på eit bestemt nivå.

Å fella «Den store oxen» er ein draum for mange av jegerane. Når skogskongen først kjem, er oxen det gjævaste av alt. På den andre sida er ikkje troféjakt noko jegerane assosierer med jakta dei driv, sjølv om dei fleste ikkje legg skjul på at det er mykje status i å skyta ein stor okse. Ein kan seia at jegerane er sjølvmotseiande når dei på den eine sida ynskjer å skyta ein okse og legg mykje status i det, men på den andre sida tek avstand frå troféjakt. Dette er nok eit element som syner etosen hjå desse jegerane – den riktige måten å skyta den store oxen på er under rettferdige tilhøve. Ein skyt ikkje den store oxen for ein kvar pris. Troféjakt og jegerar med dårlege haldningar finst, men slik etosen er hjå deltakarane i denne studien, skal ein god jeger ta avstand frå slikt.

At jaktkritikarane ikkje veit kva dei snakkar om, er ei vanleg oppfatning hjå jegerane i denne studien. Hadde kritikarane vore med og sett korleis jakta verkeleg er, og ikkje berre fått høyre fæle historier, ville dei ikkje ha vore skeptiske, forklarar Thomas i kollegiet til

meg. Nokre av jegerane trur manglande interesse for jakt er ein del av årsaka til at ein vert kritisk til jakt. «Å jakta er ein kunst!» bryt ein jeger ut og ber meg notere utsegna. Eg fekk ikkje heilt tak i kva han meinte med det, men eg forstod at han prøver å fortelje meg noko. I observasjonstida fekk eg inntrykk av at fleire jegerar synest jakta får ufortent lite kreditt for alt arbeidet som ligg i å fella ein elg. «Eg trur ikkje kritikarane veit kor mange timar som ligg bak», seier Simon frå byjegerane med ei oppgitt mine.

Påstanden om at jakt er ein tradisjon som vi ikkje treng å ta vare på, er ikkje noko jegerane kjenner seg igjen i. Fleire framhevar at mennesket har jakta langt tilbake i tid, og at jakta derfor er ein viktig del av historia vår. Ifølgje fleire av jegerane er dagens jakt både effektiv og human, og derfor er det ingen grunn til å stoppe. Jakt som ein tradisjon inneber noko meir enn berre at ein har lært aktiviteten frå far sin. Når jegerane brukar argumentet om at jakt er noko som mennesket har praktisert langt tilbake i tid, mot jaktkritikk, kan ein òg få eit bilete av ei historisk tilknytning, nemleg veidemannsarva. Jegeren med jaktinstinkt og ei medfødd interesse for jakt er noko som nokre jegerar legg fram som forklaring på at ein jaktar. Det er heller ikkje uvanleg i jaktlitteratur å lesa om «urinstinkt» (Lier-Hansen & Wegge, 2010) som vaknar til liv i jegerane. I kva omfang det finst eit slikt jaktinstinkt, kan eg ikkje svara på. Det viktige er heller at det finst ei førestilling om dette. Dermed er denne førestillinga reell for jegerane, og ho er ei slags innsikt i deira meiningstildeling til det å jakta.

7.3 Leigejakt og kommersialisering

Jakta bør vera for alle og ein kvar, men diverre har pengane teke litt overhand ... (Kjetil, kollegiet).

Kommersialiseringa av jakta var eit tema som kom fram fleire gonger og på ulike vis. Med kommersialisering meiner eg at jakta vert ei salsvare som grunneigarar kan selje til høgstbydande. Her siktar eg ikkje til dei som jaktar på Statskog sine jaktterreng, for sjølv om dette også er ei form for leigejakt, er denne regulert av fastsette takstar og prisar som eg har gjort greie for tidlegare.

For å byrje med bygdejegerane er det slik at alle på jaktlaget er rettshavarar, og det ser jaktleiaren på som positivt fordi det då er mindre administrasjon og «mindre pengar» i jakta. I bygda har dei korkje tradisjon for gjestejegerar eller leigejakt. Som ein bygdejeger

seier: «haldninga er at jakta er eit gode som grunneigarane synest dei bør ha sjølv». I bygda er jakta viktig, både som ei sosial hending og som ein aktivitet som folk kan sjå fram til. Sjølv om leigejakt ikkje er ynskjeleg i bygda, syner jegerane forståing for utleigejakt som ei ekstra inntekt for ein bonde eller ein skogeigar. Bygdejegeerane uttrykkjer seg ikkje kritisk til leigejegerar. Som ein informant seier: «eg trur ikkje at det er noko dårlegare jegerar ... dårlegare skyting sjølv om du leiger jakt» (André, bygdejegeerane).

Tidlegare forskning har vist at utanbygdes jegerar kan ha eit dårleg omdøme. I essayet «Kjøt, kjensler og kameratskap» av Bjørn Egil Flø (2012) karakteriserer nokre av studiedeltakarane hans utanbygdes jegerar som uerfarne og håplause. Jegerane i studien viser til at utanbygdes jegerar ikkje har den same lokale kunnskapen som bygdejegeerane, og dessutan er dei berre på jakt i ei til to veker. Bygdejegeerane har på si side «vakse opp i skogen» og lært terrenget å kjenna. Også i Linda Marie Bye (2010) si avhandling kan vi finna døme på at dei unge mennene i bygda ser på seg sjølv som meir kompetente til å forvalte viltstammen.

I studien min er dette nærmast vendt på hovudet, ettersom det er leigejegeerane sjølv som står for dei kritiske syna på jaktleige. «Eit naudsynt vonde», kallar Arne (hjá byjegeerane) kommersialiseringa av jakta for. Naudsynt fordi ein må forvalte viltet og eit vonde fordi prisane på viltet vert maksimerte. Byjegeerane er medvitne om at prisen ein betalar for byttet, skapar eit press der ein ynskjer å få noko tilbake. På den måten utfordrar ein kommersialisering av jakta, ei human jakt og forvaltning av viltet. Fleire framhevar at tidsperioden ein leiger jakt er ein viktig faktor i høve forvaltning. Leiger ein i ein kort tidsperiode, bryr ein seg ikkje om kva som vert skote. Men dersom ein leiger over lengre tid, er ein meir oppteken av å ha ein god stamme der ein jaktar. Her trur byjegeerane at dei som jaktar på eige terreng, er meir opptekne av forvaltning enn leigejegerar.

Alfred frå byjegeerane går så langt at han meiner elgen burde ha vore freda i terrenget dei jaktar i. Faktisk har det vore slik at jaktlaget til Alfred av og til vel å ikkje skyta det dei har kvote på. Samstundes som jegerane har ei formeining kring forvaltninga på Statskog-terrenget, er ikkje forvaltninga deira ansvar. Statskog sit med ansvaret, jegerane jaktar berre på det dei har betalt for. Dagen då jaktlaget fekk lønn for strevet og felte ein elg, kom noko av utfordringa med å vera leigejeger til syne:

Vi kjem fram til skotplassen. Jonas var den heldige skyttaren, alle gratulerer han og han er synleg stolt. «Den som trong det, fekk det, med tanke på helsa hans og alt» (Alfred).

Dyret vert vomma ut på staden, hjartet vert hengt i eit tre, lever og lunge vert hundemat. Skotet hadde råka vomma og rygggrada. Skyttaren seier at «det var ikkje eit godt skot, og det visste eg. Men det var anten det (elgkalven) eller ingenting. Eg såg jo at skotet kom langt bak. Det var eit ganske kort tidsrom eg såg dei. Så eg måtte berre skyta.»

«Det er jo derfor vi er her», seier Fredrik. Skyttaren synest det er synd at litt kjøtt vert skadd (Feltdagbok, byjegerane).

Kalven vart lamma av skotet og klarte ikkje å stikke av. Han fekk eit raskt nådeskot i nakken. Dømet ovanfor syner litt av problemstillinga som jegerane stod ovanfor. Presset om å skyta er til stades. Jegeren som får elg på post, fryktar at det ikkje kjem fleire skotsjansar og må slå til. Det må leggjast til at Jonas som skaut kalven, fekk refs ein dag i forvegen for å ha sove på post. Det gjekk ferske elgspor forbi posten hans utan at han hadde sett noko. Det kan vera at han vart meir pressa til å skyta av den grunn. Det kan diskuteras om skotet ikkje skulle ha vore løyst i det heile, særleg fordi han var klar over at skotet ikkje var ideelt før han skaut. Ingen i jaktlaget sa noko på det. Når Jonas fortel kva han tenkte i skotsituasjonen, er alle nøgde med å få eit utbyte av jakta. Dette vitnar om at det korte tidsrommet dei har til rådigheit og prisen dei betalar, gjer at jegerane må utnytta tida effektivt. Dette tyder på at rammene rundt jakta spelar ei viktig rolle for korleis jakta vert praktisert.

Kollegiet er skeptiske til at prisane i jakta vert for høge. Statskog sitt tilbod, som er likt for alle, synest dei er positivt. Då er jakta noko for «den vanlege mannen i gata», ikkje berre for dei som er pengesterke. Fleire av jegerane i collegiet peikar på ein forskjell på å eige og å leige jaktterreng: Når ein eig jaktterrenget, ynskjer ein å ha ein god elgstamme og tenkjer langsiktig, mens når ein leiger jaktterreng, er ein ikkje like oppteken av ei langsiktig forvaltning.

I delen om tidlegare forskning syner eg til spenningsfeltet mellom sosialdemokratiseringsideologen, bygdejaktideologien og kommersialiseringsideologien som er skissert av Aagedal (1999). Eg har ikkje vanskeleg for å sjå føre meg spenningar

mellom desse oppfatningane, men i min studie er ikkje spenningane i stor grad synlege. Bygdejegerane på si side er klare på at dei ynskjer at i bygda skal jakta vera for grunneigarane. Dette går overeins med bygdejaktideologien som Aagedal skisserer. Samstundes viser dei ikkje nokon skepsis overfor leigejegerar eller at jakta vert leigd ut somme stader. På den måten er ikkje denne spenninga så synleg frå bygdejegerane si side. Ideologien hjå byjegerane og kollegiet er mest lik sosialdemokratiseringsideologien. Jakta bør vera for folk flest, i den samanheng er tilbodet til Statskog eit godt alternativ. Sett bort frå det, er både kollegiet og byjegerane skeptiske til at prisane på elgjakt vert for høge. På den andre sida er det leigejegerane som forklarar meg problematikken med å leige jakt. Særleg leige over kort tid og høge prisar er vesentlege i denne problematikken. Dessutan trur leigejegerane at ein er meir oppteken av god forvaltning dersom ein jaktar på eigen grunn.

Basert på jegerane sine utsegner kjem ikkje spenningane mellom ideologiane som Aagedal skildrar, tydeleg fram i denne studien. Til gjengjeld legg eg merke til noko ved jaktkulturen når eg undersøker dette temaet. Nemleg oppfatningane om at ein må respektera forvaltninga, og at leigejegerane sin ideologi liknar mykje på bygdejegeren sin. I alle dei tre jaktlaga eg har vore med denne hausten, finn eg jegerar som er kritiske til at pengar skal styre jakta. Dette er eit gjennomgåande mønster hjå jegerane. Etozen i jaktlaga seier med andre ord at den økonomiske sida ved jakta ikkje skal leggja føringar for korleis jakta går føre seg. Forvaltningssituasjonen som leigejegerane er i, er ikkje optimal ifølgje dei sjølve, men samstundes er dei avhengige av leigetilbodet for å kunne jakta.

Ein måte å forstå dette på er at jaktkulturen femnar utover desse ideologiane. At normene og haldningane ein ervervar igjennom jegeropplæringa formidlar klare verdisyn på dette området. Uavhengig av kva utgangspunkt ein har som jeger, lærer ein å ta omsyn til økonomiske tilhøve i jakta, med utgangspunkt i ideell forvaltning og human jakt.

Ei anna side av kommersialiseringa som eg ikkje har gjort greie for, er jakt på småvilt. Der elgjegerane jaktar, er det like aktuelt for småviltjegerane å jakta. Samstundes som elgjegerane legg ut på jakt, gjer også småviltjegerane det. Felles for alle jaktlaga eg har vore med, er at dei helst ikkje vil jakta saman med småviltjegerar. Elgjegerane fryktar at småviltjegerane vil spolera jakta. Småviltjegerane med sine hundar, jagar bort elgen før elgjegerane kjem, vert det hevda. Eg har ikkje valt å problematisera dette tilhøvet vidare, men peikar berre på at dette er eit spenningsområde.

7.4 Lik sjanse (fair play)

Motsetningsparet jakt–slakt er ofte nytta av jegerane til å kategorisera kva som er riktig og gale, dvs. «skikkeleg jakt» og «feil jakt». Avlivingsformer eller jaktformer som minner meir om slakt enn jakt, tek jegerane avstand frå. I kollegiet kategoriserer nokre av jegerane folkedrevet i heimbygda som slakt. Dei meiner at folkedrevet er så effektivt at elgen ikkje har ein sjanse til å koma unna med livet i behald. Manngarden går gjennom skogen og jagar alle dyra mot postrekka, der jegerane sit klare. Jakta er over i løpet av kort tid, og kjøtet kan fordelast. Ein jeger samanliknar folkedrevet med å fiske med garn i motsetning til å fiske med stong. Sjølv om nokre av jegerane i kollegiet deltek på jakt i heimbygda, er det leigejakta som er den «verkelege» jakta. Då er hundejakt jaktforma. Å få has på elgen er meir utfordrande og meir spennande med hunden som hjelpemiddel forklarar kollegiet. Her må eg nemne at jaktforma med folkedrev i heimbygda til nokre av jegerane i kollegiet ikkje er den måten bygdejegeane i denne studien jaktar på.

Jakta skal vera vanskeleg – det skal ikkje vera enkelt å skyta eit dyr. Idealet hjå storparten av jegerane er at ein må yta for å nyta. Ein skal slite litt for å felt ein elg. Er jakta for enkel, er ho keisam. Ifølgje jegerane er elgen overlegen både hund og folk. Sjansen dyret har til å sleppe levande forbi jegerane, gjer at jakta vert meir eksklusiv og interessant. Ingen av jaktdagane er like, og ofte går ikkje ting slik som planlagt. Uventa situasjonar dukkar opp, og ein må handle deretter. Slik sett kan vi forstå elgen sin sjanse til å «dukkast» som ein del av spenninga i jakta.

Kva forhold den einskilde jegeren ha til *fair play* mellom jeger og bytte varierer noko. Nokre omtalar det som å jakta på dyra sine premissar, der ein open kamp mellom byttet og jegeren er til stades. Ein jeger skildrar denne opne kampen mellom jeger og byttet som grunnleggande i jakta: «For den trur eg er noko som ligg ibuande, nesten som eit instinkt frå vi var rovdyr. Den kjensla ...» (Jonas, byjegeane). Han forklarar at det er den kjensla som truleg gjer at han vert huga på jakt. Denne jegeren er også kritisk til klassisk fasanjakt, og han ser på fasanjakta som ei avansert form for leirdueskyting. Kjensla han freistar å setja ord på, legg føringar for kva han legg i å jakta. Nett som ordet jakt, har det ei bestemt tyding. Slik ein skil mellom jakt og slakt, finst det klare meningar om kva å jakta er og ikkje er blant jegerane i denne studien.

Nokre jegerar snakkar om å *heidra* viltet, eller å respektera viltet. Dette dreiar seg blant anna om å ikkje skyta før ein er sikker, og under riktige omstende. Til dømes ville det å skyta freda vilt eller å skyta utan å vera sikker i si sak vera respektlaust ifølgje desse jegerane. Dessutan er den sjansen viltet har til å overleve, ein del av heidringa av viltet. Somme jaktformer tek ikkje omsyn til det, og då vert ikkje viltet heidra på riktig måte. I hovudsak er respektlaus framferd overfor viltet den rake motsetninga til å heidre viltet. Ein jeger fortel at når han lagar til kjøtet til festmat saman med venner og familie, heidrar han viltet på riktig måte.

Andre legg prestisje og meistring i at byttet har gode moglegheiter til å «lukkast». Nokre skildrar smygjakt som den ideelle jaktforma, og «ein gammal lur bukk er det ultimate» (Arne, byjegerane). Ein overlistar byttet og «slår det» (Kjetil, kollegiet). At ein vinn over byttet, er i seg sjølv ei meistring. På ei slik jakt syner ein dyktigheit som jeger. Omstende ved jakta gjer at byttet får ein høgare verdi, i form av meistring og utfordring.

7.5 Etos

Etter fleire rundar med gjennomgang av datamaterialet mitt er det likskapane mellom jaktlaga som først og fremst er påfallande. På bakgrunn av likskapane som trer fram i dei ulike jaktlaga, kan vi snakke om ein felles jakt-etos som synast å vera gjeldande for storparten av jegerane i studien. Dersom vi skulle kondensere ned «10 bod» kring kva det vil seia å vera jeger på tvers av bakgrunn i bygd eller by for jegerane i denne studien, kan dei til dømes sjå slik ut:

- 1 *Du skal heidra viltet.*
Ein skal visa respekt for viltet. Jaktforma skal ikkje minna om slakt, og dessutan skal ein ta i bruk kjøtet på ein god måte.
- 2 *Du skal ikkje skadeskyta.*
Idealet ein bør streva etter, er å ikkje skadeskyta. Alle kan vera uheldige og gjera feil, men ein god jeger skyt berre når han eller ho er sikker i si sak.
- 3 *Du skal ikkje skryta.*
Å skryte av kva ein har felt tidlegare, er eit brot på skikk og bruk. «Verdsmeistrar» er ikkje assosierte med det å vera ein god jeger.
- 4 *Du skal ha respekt for medjegerane dine.*
Når ein jaktar i eit jaktlag er ein del av eit sosialt fellesskap og det må ein ta omsyn til. I dette ligg blant anna at ein må følgje dei normene og retningslinjene som jaktlaget har.
- 5 *Du skal ikkje trå etter annan manns vilt, eller etter å fella mest mogleg sjølv.*
Ein er ikkje nødvendigvis ein god jeger fordi ein har felt mykje vilt. Omstende i jakta har mykje å seia i denne samanhengen. Jakta skal gå føre seg på ein bestemt måte, og fellesskap og samhald er viktig her.
- 6 *Du skal ikkje misbruka våpenet.*
Tryggleik er jegerane veldig opptekne av. Å vera uvørden med våpen og ammunisjon vert ikkje akseptert.
- 7 *Du skal respektera forvaltninga.*
Kvoten som jaktlaga får tildelt, skal respekterast. Ein skyt ikkje utanom denne. Dessutan skal ein tenkje langsiktig, slik at det overordna målet er å halde ei sunn helse på hjorteviltet.
- 8 *Jakta skal ikkje vera lett.*
Ein må yte for å nyte, er det idealet som jegerane trår etter. Er jakta for lett, er ho keisam. Ein del av spenninga ligg i at ein ikkje kan føreseia kva som kjem til å skje. Uventa situasjonar oppstår, og ein må handla deretter.
- 9 *Du skal ikkje vera lat.*
Ein god jeger snik seg ikkje unna arbeid som ettersøk, vomming eller flåing. Å anstrengja seg fysisk er ein del av jakta.
- 10 *Du skal ikkje la pengar styra jakta.*

At pengar styrer jakta, er ikkje ideelt. Når ein betalar mykje for å kunna jakta, ynskjer ein noko tilbake, og dette gjer at eit ugunstig skytepress dannar seg. Dessutan er ikkje eit økonomisk jaktmotiv eit godt utgangspunkt.

I dei ti boda nemner eg noko av det som synest å vera ein del av den felles jakt-etosen. Dette vil eg framheva som noko som gjeld på tvers av dei tre jaktlaga. Dermed kan dette tyde på at normene og haldningane i norsk jaktkultur har ein sterk posisjon uavhengig av bakgrunn. Dersom tilfellet er at sosialiseringa i jaktkulturen formidlar klare grenser for kva som er riktig og galt, peikar studien min i retning av at jegeropplæringa i Noreg fungerer på ein god måte. I denne samanhengen kan ein kritikar stille spørsmål om denne etosen som jegerane gir uttrykk for, også er praksisen hjå jegerane.

Sjølv om denne etosen vert framheva i intervju og under mitt opphald, er desse ti boda sjølv sagt ikkje alltid i tråd med korleis jakta faktisk vert utført. Her møter eg kompleksiteten og *paradoksa* ved jakta. Til dømes er ikkje troféjakt noko jegerane assosierer med jakta dei driv, men å skyta den store oxen er jamvel draumen for mange, og dessutan tek mange jegerar vare på trofeet. Eller eit anna døme: «jegerar er over snittet interesserte i dyr» (Simon, byjegerane), og ein annan svarar: «det er då ingen som passar på dyra slik som vi. Tenkjer på dei om vinteren, forar dei og ...» (Leif, byjegerane). Dette oppmodar sjølv sagt til å lure på korleis ein kan vera glad i dyr og ynskje å skyta dyr på same tid.

Eit særleg tydeleg døme er det som kallast «skikkeleg jakt» i motsetning til andre jaktformer som minner om slakt. Trass i at fleire jegerar ikkje synest at folkedrevet eller jakt på innmark er «skikkeleg jakt», er det fleire som også deltek på slik jakt. Paradokset er at ein på den eine sida idealiserer jakta slik ho burde vera og på den andre sida også praktiserer den rake motsetninga. Nettopp fordi jegerane ikkje legg skjul på desse motsetningane, kan eg velja å forstå utsegnene i retning av ei meiningstildeling til jakta som ikkje alltid tek ideell form. Vi kan finna ein felles etos. Denne er ikkje alltid gjeldande. Men nettopp fordi ein etos finst, vert motsetjingane og paradokset synleg.

At vi kan finna etosen, tyder på at vi har særtrekk i norsk jaktkultur med ein felles moral som ligg til grunn for desse. Vi møter etosen når vi søker å forstå kva meining jegerar legg i å jakta elg, og kva slags rammer jakta bør opptre i. Rammer som kostnad, terreng,

jaktmetode og tid kan utfordra denne etosen. Sjølv om ein kan tenkja at dei ti boda ikkje alltid er i tråd med praksisen, vil eg ikkje hevda at etosen ikkje er like viktig av den grunn. Eit viktig moment ein ikkje må oversjå i denne samanhengen, er konteksten. Når ein skyt ein stor okse, er det forskjell på om omstenda er tilfeldige, eller om ein eine og aleine er på jakt for trofeet si skuld. Bygdejaktforma med folkedrev er ein anna kontekst enn leigejakta der ein jaktar med hund. Når ein må leiga jaktterreng ei kort tidsperiode, er dette ein annan kontekst enn jakt på eige terreng. Den komplekse opplevinga som jakt synest å vera, gjer at ein vanskeleg kan sjå på eit einskilt motiv for å forstå jegerane. Jamvel ser eg på den felles jakt-etosen og dei ti boda som skildrande for korleis det er å vera jeger i dag i ein stadig endrande jaktkultur.

7.6 Endring som jeger

Paradoksa eg skildra ovanfor, kan også tyde på at vi kan tena på å konsentrere oss om ambisjonane til kvar einskilt jeger. Fleire av jegerane eg snakka med, fortel om ei endring dei går gjennom. Ho dreiar seg om at når ein er yngre, er ein meir oppteken av å få eit utbyte frå jakta. Som følge av dette kan ein vera lettare på avtrekkjaren når ein er yngre. Verdsetjinga i jakta vert endra til ei haldning som seier: «Det er ikkje farleg om eg ikkje får skote noko. Eg ventar heller på eit sikkert skot, og dessutan er det moro berre å vera med». Denne endringa kan eg finne hjå jegerar i alle jaktlaga.

David, som dreiv med den andre hunden, var nære på ein elg. Det filma han også, slik at vi fekk sjå det på kvelden. Det var nære på, men han ombestemte seg og skaut ikkje. «Under vanlege omstende ville eg ha skote», seier han. «Det hadde vore verre om det var for to år sidan, då eg ikkje hadde skote så mykje» (Feltdagbok, kollegiet).

David, som er ein relativt ung jeger, fortel noko om korleis han tenkte i skotsituasjonen då han var yngre i motsetning til no. At elgen slapp forbi, tok han ikkje så tungt denne gongen, mens då han var yngre, ville han ha opplevd den same situasjonen annleis. Å ha skote mykje elg kan også vera noko som spelar inn i denne endringa som jeger. Når ein har skote nokre «store», treng ein ikkje lenger å syna seg som ein god jeger. Då har ein alltid den tidlegare felte elgen å slå i bordet med, forklarar David.

Leif i byjegerane viser til at jaktutbyttet ikkje er så viktig lenger og forklarar at då han var yngre, var kjøtet viktig. Det hang saman med økonomi, meinte han. Då han var yngre, hadde han dårlegare råd, og jaktutbyttet kunne vera noko som reduserte kostnadene ved jakta.

Denne endringa er altså noko eg kan finna i alle jaktlaga. Dermed talar dette for at jegerar innanfor same jaktlag har forskjellige tilnærmingar til jakt. Eg ser ikkje nokon bastante forskjellar mellom jaktlaga i studien, men kanskje er det meir forskjell mellom enkeltjegerar enn mellom bygdejegerar og by-/leigejegerar.

Til ei viss grad har jegerane i dei tre kategoriane like tankar om kva som kjenneteiknar ein god jeger. Men samstundes finst det ulike oppfatningar på eit plan som ikkje berre handlar om jaktferdigheiter. Vi kan dela oppfatningane om ein god jeger i to: På ei side har vi ferdigheiter som jeger, å kunne lesa terrenget, kunnskap om viltet, bevega seg lydlaust, skyta sikre skot, vurdere fart, avstand og andre forhold. På den andre sida har vi personlege eigenskapar som «sosiale antenner», omsyn til fellesskapet, å vera raus, sta og ha eit vinnarinstinkt.

Byjegerane gir litt ulike skildringar kring den gode jegeren. Leif viser til jaktferdigheiter som å lesa terrenget, tolmod, ikkje bråke mens ein går og klare å forstå kvar dyra går. I tillegg seier han at den gode jegeren ikkje er lat – han køyrer ikkje berre rundt i bil på jakt. Alfred skildrar den gode jegeren som ein som er vant til å vera ute i friluft, og som jaktar på naturen sine premissar. I tillegg legg byjegerane vekt på ferdigheiter i smygjakt, å setja sikre skot og på bruken kjøtet. Arne og Simon viser til slike ferdigheiter: Den gode jegeren skal kunna lesa terrenget, er tolmodig, er resolutt, har fokus og gjer riktige vurderingar i skotsituasjonen. «Ein som klarar å utnytte det hundredels sekundet før det er for seint» (Simon, byjegerane).

Ein av jegerane syner ei annleis oppfatning. Han forklarar at den gode jegeren har eit vinnarinstinkt og skyt gjerne fleire dyr enn andre. Den gode jegeren er ikkje ein som er ute på jakt for å kosa seg. Den gode jegeren er ein sta person som held på lenger enn andre, toler å fryse og er «100 %» fokusert på jakta. Jegeren meiner at dette er ein definisjon av ein god jeger, og dei mest ekstreme jegerane er ikkje artigast å jakta saman med. Det er ikkje berre det å fella eit dyr som er vesentleg, han verdset kameratskap og kosen også.

I byjegerane sine skildringar av ein god jeger, fattar eg mistanke om at sjølv om jegerane syner seg som eit samansveisa jaktlag, har dei forskjellige tilnærmingar til jakt. Dei søker og verdset forskjellige verdjar i jakta. Dette kom til syne i fleire situasjonar i felten. I feltnotatane mine har eg skrive ein kveld:

Jonas byrjar på eige initiativ å gå gjennom det viktigaste med jakta. Han byrjar med det viktigaste: «nr. 1 er det sosiale!». Jegerane er litt ueinige her. «Spenninga er det viktigaste», slår Simon fast. «Å ha det gøy og ha med positive folk er viktig», seier ein annan. Arne seier høgrøysta: «du tek deg fri frå jobb for å vera på jakt, gidd faen meg ikkje å ha med negative folk då». Leif svarer stadfestande: «nei, vi går på jakt for å ha det gøy!» (Feltdagbok, byjegerane).

Sidan jegerane ikkje er samde om kva som er viktigast med jakta, kunne alle vera samde i at dei går på jakt for å ha det moro. Det var ei grei avrunding som ikkje utfordra oppfatningane til dei forskjellige noko vidare. Men litt seinare denne kvelden kom ein diskusjon som ikkje var like lett å avslutta:

Inne i hytta er det høg begerføring og fleire fortrulege samtalar. Men etter litt endra stemninga seg. Arne hadde noko på hjartet om dagens jakt: «Det ettermiddagsdrevet vi gjorde, var noko tull! Ingen av oss visste kvar vi skulle vera. Vi stod der på toppen og følte oss som idiotar! Ei tullejakt! Det var piss! Berre piss!» Jaktleiar Leif forsvarar seg med at alle visste kvar han skulle drive, og dermed var det fornufta som svikta når dei ikkje fann postane sine eller visste kvar dei burde ha vore. Det var nemleg fleire som posterte rundt den same myra, og då kunne elgen gå umerka forbi. Denne diskusjonen tek av, dei vert høgrøysta, og den lette tonen forsvinn. Dette tullet med at jaktleiaren ikkje fekk med seg kvar dei skulle sitja, ville ikkje dei andre ha noko av. «Alle såg på kartet, dette burde ikkje ha skjedd!» seier ein. Dalar, kartnamn og skildringar av området går ikkje overeins. Det gjer at diskusjonen vert meir amper. Arne: «Det låg ein piggokse i myra vi ikkje fekk med oss! Tullejakt!» Tidlegare denne dagen vart vi tipsa av fuglejegerane om denne oksen, utan at nokon posterte der eller at drivarane gikk der. Eg vart også trekt inn i debatten, for å høyre korleis eg hugsar det, sjølv om eg freista å vera fluga på veggen. Jonas: «Neste gong må vi bruke meir tid på å finne ut av kartet. Men det er ditt problem, Leif, at du ikkje fekk med deg det» (Feltdagbok, byjegerane).

Denne diskusjonen førte til kraftig kritikk av jaktleiaren. Drevet dei gjennomførte, var dårleg planlagt, og jaktleiaren fekk all skulda for det. Jegerane ville ikkje identifisera seg med ei slik «tullejakt», for slik skal ikkje seriøse jegerar vera. Prestisjen i jakta gjekk på æra laus for jaktleiaren. Jegeren som var pådrivar for denne kritikken, synta at han ikkje var redd for å utfordra det sosiale fellesskapet på vegne av prestisje.

Nokre få jegerar syner ei førestilling om den gode jegeren som ikkje stemmer overeins med andre. Det er særleg skildringa av ein jeger som set prestisje og spenning høgt i kurs som skil seg frå andre oppfatningar. Dersom eg må nytte to kategoriar om dagens jegerar, kan det syne seg relevant å skilje mellom idealtypene av Weber (1999), der du har *spenningsjegeren* på den eine sida og *opplevingsjegeren* på den andre sida.

Spenningsjegeren strekkjer seg frå jegerane som søker prestisje, ser på seg sjølv som ein veldig seriøs aktør og investerer mykje tid og krefter i jakta, til dei som stort sett søker spenninga ved å vera på jakt. Det er blant spenningsjegerane ein kan finna dei ekstreme jegerane som er opptekne av å fella mange dyr og helst oksar. Opplevingsjegeren er meir tilbakelent og verdset heile opplevinga. Felling av dyr er sjølvsagt framleis målet, men ikkje viktigare enn det sosiale aspektet og å ha ein fin dag i naturen. Opplevingsjegeren representerer og ein ytterkant der byttet ikkje er viktig i det heile teke. Han verdset heile «jaktpakken» og ser ikkje på jakta som mislukka dersom ein står tomhendt etter jaktperioden. Rekreasjon, kameratskap rundt bålet og å kosa seg på jakt er viktige verdiar for opplevingsjegeren. Kanskje kan vi seia at spenningsjegeren er oppteken av målet, mens opplevingsjegeren er oppteken av vegen til målet. Då må vi i alle høve hugsa på at biletet ikkje er eintydig måla i svart og kvitt.

Vi kan sjå på avstanden mellom spenningsjegeren og opplevingsjegeren som ein skala mellom ytterpunkt. Innanfor desse rammene kan vi plassere dei ulike jegerane.

Diskusjonane mellom opplevingsjegeren og spenningsjegeren tek gjerne form når dei vert utfordra i samhandling – til dømes om ein skal ta seg tid til å slappa av saman ved bålet, eller om ein går kvar for seg og jaktar så lenge som mogleg. Eller når jaktterrenget og kvoten er tema: Spenningsjegeren er meir oppteken av at terrenget tilbyr ei stor mengd vilt og gjerne oksar, framfor ei lagleg hytte å bu i og ein makeleg stad.

Det er altså imellom spenningsjegeren og opplevingsjegeren eg vil hevda at vi kan finna forskjellar mellom jegerane. Denne inndelinga står i kontrast til at ein tidlegare gjerne ville

plassera jegerar innanfor matauk eller sportsjakt. I min studie ville ikkje ei slik inndeling tena jegerane ei rettferdig framstilling, mest fordi rolla til kjøtet er mangfaldig. Kanskje står vi her overfor dagens jegerar som har foreina mataukulturen og spenningskulturen med opplevingsaspektet og det sosiale fellesskapet.

Denne måten å forstå jegerane si tilnærming til jakt på gir rom for å snakka om forskjellar. Men sjølv om desse finst, er noko midt imellom spenningsjeger og opplevingsjeger den kategorien eg ville plassera dei fleste studiedeltakarane i. Slik sett kan vi kanskje betre nærme oss ei forståing av dagens jegerar ved å unngå å forenkla for mykje. Kanskje er kategoriar som by og bygd meir til skade enn nytte, sidan meiningstildelinga til jakt i realiteten er mykje meir kompleks.

8 Konklusjon

I denne oppgåva har eg studert jakt som eit kulturelt fenomen. Dette vil seia at jakt, og normer, åtferdsmønster og haldningar til jakta, er noko mennesket lærer saman med andre i eit fellesskap. Denne læringa kan ein kalla sosialisering, og ein kan dela henne opp i formell og uformell sosialisering. Den formelle skjer gjennom jegerprøva og skyteprøva. Den uformelle skjer i hovudsak gjennom jaktlaget og gjennom foreldra til bygdejegerane. Det jegerane lærer, er blant anna ein etos som legg føringar for jakta.

Samanlikninga av bygdejegerane, kollegiet og byjegerane har i hovudsak synt likskapar mellom jaktlaga. På bakgrunn av desse likskapane tek ein felles jakt-etos form. Når denne gjeld på tvers av jaktlaga, er vi på veg til å seia noko om dagens jaktkultur.

Spørsmålet som gjenstår, er kvifor sosialiseringa fører til at by-, bygde- og leigejegerar ervervar den same etosen? Dette har eg grubla mykje over utan å kunna sjå ei eintydig forklaring. Ein rimeleg hypotese er at jaktutleigarar, forvaltningsetatar og styresmakter krev og forventar ansvarlege jegerar. Spelereglane for jakta er tydelege i norsk jaktkultur, på den måten at uavhengig av om ein veks opp som jeger eller vert innlemma i jakta i vaksen alder, er møtet med jakta og jaktsfæren prega av ein etos som ikkje lèt seg gjera å verta innlemma i utan å ta del i han.

Frå eit anna perspektiv kunne ein hevda at gjennom jakta kjem byjegerane inn i bygdekulturen. Ein distanserer seg frå ein «bykultur» og identifiserer seg heller med rurale jegerar enn urbanitet. Ein av byjegerane seier: «ja eg er ein urban gut, men har vore i skog og mark sidan [...] eg gjekk aleine» (Alfred, byjeger). Gjennom jakta vert jegeren sosialisert inn i bygdekulturen, og på den måten gjer likskapane seg gjeldande. Med andre ord kan vi forklara at likskapen er her fordi byjegeren vert innlemma i bygdekulturen. Sett frå ei anna side kan vi hevda at verdiar som rekreasjon og naturopplevingar er minst like viktige for bygdejegerane som for byjegerane. Inndelinga der bygdejegerar har eit «nyttetilhøve» til jakt, mens byjegerane er meir opptekne av rekreasjon, er ikkje synleg i denne studien. Dette gir også rom for å undrast om det ikkje er så stor skilnad mellom by og bygd som ein tradisjonelt har tenkt.

Når eg syner skilnadar mellom jaktlaga, viser eg blant anna til verdsetjing av kjøtet. Byjegerane utmerkte seg her og såg ut til å vera meir opptekne av kjøtet enn dei andre jaktlaga, trass i at kjøtet i utgangspunktet har ein høgare prislapp enn hjå bygdejegerane.

Samstundes er ikkje biletet eg syner kring haustingsdelen ved jakta, like eintydig. Blant anna drøftar eg om jegerane tykkjer at å jakta for kjøtet sin del er sett på som eit dårleg utgangspunkt, eller om vi kan finna meiningsdeling til jakta i førebuinga av kjøtet og ikkje berre i det å fortære kjøtet.

Kanskje kan årsaka til noko skilnad i ulike tilnærmingar til elgjakt rett og slett skuldast måten jakta er organisert på i utgangspunktet. Ein felles jakt-etos har ein sterk posisjon hjå jegerane. Dette leier meg til å tru at skilnadane mellom jegerar heng meir saman med rammene for jakta enn andre faktorar. Den økonomiske sida av jakta og tidsrommet jakta føregår i, vil eg framheva som viktige faktorar, sidan leigejakta set jegerane i ein annan situasjon enn jegerane som er grunneigarar. Når leigejegerane betalar meir for å utøve jakta, dannar det seg eit ugunstig press for å få utbytte. Samstundes er det byjegerane og kollegiet som gjer greie for dei kritiske syna på leigejakt, og syner at dei er medvitne kring situasjonen dei er i.

Jakta i seg sjølv kan vi sjå under ulike kategoriar, som ein ferie, som bygdeevenement eller som eit sosialt tiltak blant kameratar. Ulike stader i oppgåva kan ein få opplevinga av at ordet jakt har ulik tyding. Til dømes er «den verkelege jakta» er eit uttrykk som fortel noko om korleis ein meiner at jakta skal vera. For å gjera dette biletet synleg har eg skildra ein felles jakt-etos som fortel noko om korleis jegerane i denne studien meiner jakta bør vera. Når vi ser på terrenget som kontekst, er bygdejegeren si tilknytning til terrenget annleis enn i dei to andre jaktlaga. Bygdejegerane eig terrenget som dei jaktar i og har gjerne lokal kulturhistorie knytt til jaktfeltet sitt, slik som gamle stølar eller at postane og kunnskap om lendet går i arv. Byjegerane er på si side ikkje samde om kva som er dei viktigaste eigenskapane ved eit jaktterreng. Nokre argumenterer for at det viktigaste er å ha moglegheita til å felle mykje elg, mens andre er meir opptekne av å ha lokal kjennskap og ein lagleg stad å bu. Kollegiet har også eit anna tilhøve til terrenget. For nokre av dei tilbyr leigeterrengtet noko anna enn jakt i heimbygda, ein slags fridom der dei får utøva jakta slik dei meiner ho bør vera. Når vi ser på kva jaktterrengtet har å seia for jegerane, kan vi ana noko om at jegerane i dei forskjellige jaktlaga har ulike tilnærmingar til jakt. Dette vert forsterka når vi les om ei endring som fleire av jegerane skildrar at dei går gjennom. Her undrar eg over om vi heller kan finna forskjellar mellom jegerar framfor mellom bygde-, by- og leigejegerar. Vidare skildrar eg idealtypene «opplevingsjegeren» og «spenningsjegeren», der eg hevdar at det er mellom desse vi kan finne ulikskapar. Denne inndelinga vitnar om at sjølv om ein har ulike utgangspunkt for jakta som leigejeger,

byjeger eller bygdejeger, treng ikkje meiningstildelinga til aktiviteten å vera ulik av den grunn. Når vi snakkar om kva terrenget har å seia for jegerane, går min studie i retning av at vi må byrja med å forstå kva jegerane ynskjer å få ut av jakta. Vi bekreftar altså skilnadar mellom bygdejegeren, leigejegeren og byjegeren sitt tilhøve til jaktterrenget og set informasjonen vi har om spenningsjegeren og opplevingsjegeren opp imot dette, som ei forklaring på at jegerane verdset jaktterrenget på ulike vis.

Ein skal vera varsam med å generalisera for mykje utifrå ein slik avgrensa studie, men eg ser ikkje bort ifrå at andre jegerar kan kjenna seg att i skildringane vi får her. Særleg etosen trur eg set ord på store delar av den tilnærminga dagens jegerar har til elgjakt, på ein måte som tek høgde for at jakta har fleire dimensjonar av meiningstildeling ved seg.

9 Siterte verk

- Aagedal, O. (1999). Jakta på elgjakkulturen. I Å. Brottveit, & O. Aagedal, *Jakta på elgjakkulturen* (s. 13–42). Oslo: Abstrakt forlag.
- Andersen, O., Dervo, B. K., & Kaltenborn, B. P. (2010). *Aktiviteter, holdninger og motiver blant jegere og fiskere i NJFF 2010*. NINA-rapport 612. Henta 22.04.2015 frå <http://www.njff.no/organisasjon/Last%20ned%20organisasjonsmaterieell/NJFFs%20medlemsunders%C3%B8kelse%202010%20-%20NINA%20Rapport%20612.pdf#search=stilling%20ledig>
- Bjerke, T. (1993). *Jegeren, en samfunnsfaglig kunnskapsoversikt*. NINA-utredning 44.
- Borgen, O. Å. (2010). *Ungdom på jakt, kulturelle mønstre i utmarka*. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.
- Borgen, O. Å., & Skogen, K. (2013). Gutta på jakt – jakt som arena for reproduksjon av arbeiderklassekultur. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 13(1), s. 3–30.
- Breivik, G. (1978). To tradisjoner i norsk friluftsliv. I G. Breivik, & H. Løvmo, *Friluftsliv fra Fridtjof Nansen til våre dager* (s. 7–16). Oslo: Universitetsforlaget.
- Brottveit, Å. (1999). Elgjaktas symbolske økonomi: hva står på spill? I *Jakta på elgjakkulturen*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Brottveit, Å., & Aagedal, O. (1999). *Jakta på elgjakkulturen*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Bye, L. M. (2010). *Bygdas unge menn – en studie av bygdemannens forhandlinger om og utforming av "rurale maskuliniteter"*. Doktoravhandling. Trondheim: Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.
- Danielsen, E. J. (2009). *10 jegere – 10 metoder. Hjortejegerne*. Oslo: Tun Forlag.
- Ehn, B., & Löfgren, O. (2001). *Kulturanalyser*. Malmö: Gleerups Utbildning.
- Eriksen, T. H. (2010). *Små steder – store spørsmål. Innføring i sosialantropologi*, 3. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fangen, K. (2004). *Deltagende observasjon*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.

- Flø, B. E. (2012). Kjøtt, kjensler og kameratskap – om reglar, normer og kulturell danning. I M. B. Bringslid, *Bygdeutviklingas paradoks* (s. 275–303). Oslo: Spartacus.
- Flø, B. E. (2015). *Bygda som vare – om bygda, elgen og folkeskikken*. Doktoravhandling. Trondheim: Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.
- Frønes, I. (1990). Kulturforståelse og kulturanalyse. I T. Deichman-Sørensen, & I. Frønes, *Kulturanalyse* (s. 218–237). Oslo: Gyldendal.
- Frønes, I. (2001). *Handling, kultur og mening*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Frønes, I. (2013). *Å forstå sosialisering*. Oslo: Gyldendal.
- Gilje, N., & Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapens forutsetninger*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Gullestad, M. (1990). Naturen i norsk kultur. I T. Deichman-Sørensen, & I. Frønes, *Kulturanalyse* (ss. 81–97). Oslo: Gyldendal.
- Hoëm, A. (2010). *Sosialisering – kunnskap – identitet*. Vallset: Oplandske Bokforlag.
- Holø, R. M., & Olsen, S.V. (12.10.2014). Regjeringen vil utrede privatisering av Statskog. NRK.no. Henta 23.01.2015 frå <http://www.nrk.no/ho/utreder-privatisering-av-statsskog-1.11981105>
- Jacobsen, D. I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Jenks, C. (1982). *The Sociology of Childhood: Essential Readings*. London: Batsford Academic Books.
- Kvale, S. (2006). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal.
- Kvalnes, Ø. (2006). *Se gorillaen, etikk i arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kveseth, C. M. (2009). *Jakten på en identitet*. Masteroppgave. Universitetet i Oslo.

- Lier-Hanson, S., & Wegge, B. (2010). *Jegerprøveboka*. Oslo: Tun Forlag.
- Miljødirektoratet. (01.07.2013). Studieplan for jegerprøvens obligatoriske kurs. Henta 16.05.2015 frå
http://www.miljodirektoratet.no/Global/dokumenter/tema/jakt_og_fiske/Studieplan%20for%20jegerpr%C3%B8vens%20obligatoriske%20kurs.pdf
- Miljødirektoratet. (16.02.2015). Sturviltjakt. Henta 08.04.2015 frå
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Jakt-og-fiske/Jakt-og-fangst/Sturviltjakt/>
- Myrstad, A. (1999). Blant skogens konger, sønner og enkelte døtrer. I A. Brottveit, & O. Aagedal, *Jakta på elgjakkulturen* (s. 127–142). Oslo: Abstrakt forlag.
- Olsen, J. B., & Syse, H. (2013). *Næringslivsetikk og samfunnsansvar*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke.
- Pedersen, K. V. (2008). *Småviltjakt, jakt og fangst*. Oslo: Tun Forlag.
- Richardson, H. (1993). Norway the northern playground. Et kulturanalytisk blikk på fjellfriluftslivet. *Dugnad*, 19(4), s. 15–28.
- Sand, T., & Walle-Hansen, W. (1992). *Sosialisering i dag*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Seesberg, A. B. (2009). *Det menneskelige dyret eller det dyriske mennesket*. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.
- Skaufjord, P. A. (2010). *Den "hellige" jakta*. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo.
- Skogen, K., & Fischer, A. (u.d.). Moralities of hunting. Henta 03.23.2015 frå
<http://fp7hunt.net/Insights-policy-and-practice/The-cultural-meaning-of-hunting#moralities>
- Statistisk sentralbyrå. (15.04.2013). Registrerte jegere, 2012/2013. Henta 24.03.2014 frå
<http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/jegerreg/aar/2013-04-15#content>
- Statskog. (2015). Ofte stilte spørsmål. Henta 04.08.2015 frå
http://www.statskog.no/jakt/Sider/oss_jakt.aspx

- Søilen, E. (1995). *Sportsmenn i veideland*. Billingstad: Norges Jeger- og Fiskerforbund.
- Thagaard, T. (2002). *Systematikk og innlevelse*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Universitet i Oslo og Språkrådet. (2010). etos. Henta 20.05.2015 frå <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=etos&begge=+&ordbok=begge>
- Unsgård, J. H., & Frøstrup, J. C. (2007). *Norsk jaktleksikon*. Arendal: Friluftsførlaget.
- Vaagan, Ø. (1996). *Den urban-rurale dimensjon i elgjakt*. Rapport nr. 4. Evenstad: Høgskolen i Hedmark.
- Weber, M. (1999). *Verdi og handling* (H. Jordheim, overs.). Oslo: Pax forlag.

9.1 Vedlegg

Intervjuguide

<p>Bagrunn (eg spør ikkje om personalia)</p> <p>oppvarming</p>	<p>Korleis begynte du med jakt?</p> <p>Driv du med andre former for jakt?</p> <p>Kor lenge har du jakta?</p> <p>Utdanning?</p> <p>Jobb?</p> <p>Kjønn, alder, kva kjem du frå?</p>
<p>Verdiar, verdsetjing</p>	<p>Kan du skildre ein god dag på jakt? Ein draumedag.</p> <p>Kva er høgdepunktet i løpet av jakta? Kanskje du hugsar det frå i fjor?</p> <p>Korleis er ein god jeger? Kva kjenneteiknar ein som ikkje er god jeger?</p> <p>Kan du skildre ein dårleg dag på jakt?</p>
<p>Legitimering</p>	<p>Spørsmål kring forskjellige syn på jakt.</p> <p>Nokre meiner at jakt ikkje er naudsynt, ein tradisjon vi ikkje treng å ta vare på?</p> <p>Somme vil gå så langt som å seia at jakt er moralsk forkasteleg, sidan det er ein hobby som går ut på å ta liv.</p> <p>Har du endra deg som jeger? Med tanke på kva du verdset på jakt?</p>

	<p>Utsegn:</p> <p>Jakt er berre ei unnskyldning for å kunne ta liv.</p> <p>Det sosiale er det viktigaste ved jakta.</p> <p>Spenninga er det viktigaste ved jakta.</p>
<p>Staden, kva slags rolle spelar staden?</p>	<p>Kunne det like gjerne ha vore ein annan stad? Hadde du jakta då?</p> <p>Kjenner du ei historisk tilknytning til staden?</p> <p>Er det noko spesielt med denne staden?</p> <p>Brukar de han til noko anna?</p> <p>Kva synes du om at folk nyttar staden samstundes som jakta går føre seg – bærplukkarar, sopp, turgåarar, sauesanking?</p> <p>Bør det vera skilta med «jakt i området»?</p> <p>Korleis opplever du staden i tidsrommet jakta går føre seg samanlikna med elles?</p> <p>Korleis ville det ha vore dersom det ikkje vart jakt her lenger?</p>
<p>Vi og de andre</p>	<p>Er det nokre former for jakt du er skeptisk til?</p> <p>Kva skil dei frå dykk?</p> <p>Er det best å jakta saman med andre? Eller også aleine?</p> <p>Har du høyrte historier om folk som ikkje bør få jakta? Treng ikkje nemna namn.</p>

	<p>Utsegn: Rike jegerar som kjøper seg inn i terreng for å skyta den største oxen, bryr seg ikkje om kjøt eller ei god forvaltning.</p> <p>Byjegerar bryr seg ikkje om forvaltning og kvoter?</p> <p>Kva synest du om troféjakt? Jakturar til Afrika/Canada?</p>
--	--

<p>Status</p>	<p>Er kjøtet viktig? Korleis tek du i bruk kjøttet? Et du det sjølv eller deler du det? Gir du det bort som gåve? I tilfelle til kven?</p> <p>Skinnet?</p> <p>Kor mykje kjøt får du?</p> <p>Er det status å skyta den største oxen?</p> <p>Kva synest du om å leggja ut bilete i sosiale medium?</p>
<p>Ekskludering/inkludering</p> <p>Å halde oppe reglar</p>	<p>Kven får vera med på å jakta her?</p> <p>Går det an å miste tillit i jaktlaget? Korleis? Er det greitt å ikkje skyta / ta sjansar?</p> <p>Er det konsekvensar om ein ikkje følgjer reglane?</p> <p>Kven får vera med på å jakta her? Kva krav stiller de til dei som skal vera med i løpet av jakta?</p>

<p>Ideologi/ felt</p>	<p>Kven bør jakta vera for? Bør ho leigast ut, slik at alle får jakta, og slik at ein kan tena pengar på henne? Er jakta noko som alle som er kvalifiserte, kan driva med?</p> <p>Leiga/eiga terreng? Er det skilnad på det?</p> <p>Korleis stiller du deg til at jakta vert meir kommersialisert?</p>
<p>Kapital</p>	<p>Er utstyret viktig?</p> <p>Brukar du mykje tid/penngar på det?</p> <p>Kva synest venner eller andre kjente om at du jaktar? Får du nokon kommentarar på det?</p> <p>Kva betyr jakta for bygda? Viktig? Positivt?</p> <p>Korleis hadde det vore dersom det ikkje var jakt her?</p>
<p>Friluftsliv og jakt</p> <p>Tankar om natur</p>	<p>Driv du med nokon andre former for friluftsliv?</p> <p>Korleis skil jakt seg frå dei andre aktivitetane?</p> <p>Kva er det med jakt som gjer at du likar å vera i naturen på denne måten?</p>
<p>Rovdyrpolitikk</p>	<p>Korleis stiller du deg til at ulven vert jakta på?</p> <p>At det ikkje er nok rovdyr til å regulere viltstammen?</p> <p>Nokre meiner at jakt ikkje er den beste måten å regulere ein bestand på, og at det er betre at vi har fleire rovdyr som tek den jobben. Er du einig i dette?</p>

<p>Forvaltning</p>	<p>Vert det jakta for mykje her i området? Er de nógde med kvoten?</p> <p>Korleis skulle ein ideelt ha forvalta elgstammen her? Og hjort dersom det er det?</p> <p>Kva hadde skjedd om ein ikkje jakta i dette området? Er det forskjellig korleis jaktlaga i området forvaltar elgen?</p> <p>Burde jakttidene verta utvida?</p>
<p>Fair play</p>	<p>Ville du ha skote ein elg som stod fast i eit gjerde? Kvifor / kvifor ikkje?</p> <p>Jakt på innmark er det ok?</p> <p>Er det viktig at dyret har ein fair sjanse?</p>
<p>Forventningar</p>	<p>Kva ser du fram til ved jakta? Når begynner/sluttar jakta for deg?</p> <p>I slutten av jakta er det ofte minkande interesse, kvifor det?</p>

Informasjon til deltakarar som er med i undersøkinga

Eg er ein student ved masterstudiet kroppsøving, idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Telemark, avdeling Bø. Temaet for masteroppgåva mi er elgjakt.

Slik jakta er i dagens Noreg, er det mange forskjellige tilnærmingar til jakt. Nokre assosierer det med rekreasjon og avkopling og andre med matauk og regulering av bestand. Jakt er ei viktig kjelde til friluftsliv og avgjerande for forvaltning. Samstundes er det fleire jegerar som opplever jakt som ei verksemd som er gjenstand for kritikk, frå ulike syn om dyrevern og etikk. Få studiar tek føre seg jegerar og deira synspunkt. Det er til dette eg ynskjer at mi oppgåva skal bidra.

Prosjektet eg vil gjennomføre, er ei undersøking blant jegerar. Det er ein kvalitativ studie der eg ynskjer å gå nærmare inn på temaet jaktkultur. Det er jegerane sine oppfatningar som er sentrale for arbeidet med dette prosjektet. Fleire jaktlag frå ulike stader vil verta spurde om å delta i prosjektet og kan verta samanlikna for å danna eit godt innblikk i aktiviteten.

Datainnsamlinga vil verta gjord gjennom deltakande observasjon og intervju. På grunn av avgrensa tid og resursar vil eg ikkje kunne intervju alle som deltek. Dei som vert spurde, får beskjed om dette. Deltakande observasjon vil i dette tilfelle seia utan våpen, men deltaking i jakta elles (i drev, slakting, på post etc.), samstundes ynskjer eg ikkje å vera til hinder for jakta. For å kunne tilby noko i retur, er eg villig til å hjelpe til der eg kan, t.d. med drev, henting av dyr, transport, slakting. Tidsrommet eg ynskjer å vera med, er i utgangspunktet så mykje som mogleg, men sidan eg ynskjer å vera med fleire jaktlag, er det sannsynleg at eg ikkje kan vera med alle dagar.

For å sikre datakvaliteten ynskjer eg å ta opp intervju elektronisk. I tråd med norsk personvernlovgiving og alminnelig etiske retningslinjer i samfunnsforskning vil alle utsegn som refererast i oppgåva verta anonymisert. Det skal ikkje vera mogleg for andre enn forskaren å identifisere nokon som deltek i prosjektet. Alle har rett til å trekkje seg frå prosjektet på kva tidspunkt som helst, også etter at intervju er gjennomførte.

Dersom det er noko som er uklart, er det berre å ta kontakt. Håpar de vil vera med.

Med vennleg helsing

Pål Støylen

Tlf.: 482 67 398

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet

«Jakt – ein moderne rekreasjonsaktivitet eller ein gammaldags haustingsaktivitet?»

Bakgrunn og formål

Prosjektet har elgjakt som tema. Som ein del av prosjektet vil eg undersøkje ulike tilnærmingar ein kan finna til elgjakt og dermed danne eit bilete av kva aktiviteten dreiar seg om for jegerar. For å koma nærmare inn på jegerars tankar og haldningar er det høveleg å foreta intervju og deltakande observasjon. Slik kan eg studera jakta der ho skjer. Dette er ei masteroppgåve ved studiet kroppsøving, idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Telemark, avdeling Bø.

Deltaking i studien

Deltakande observasjon vil i dette tilfellet seia at eg er med utan våpen. Men i jakta elles, på post, i drev, slakting osv. Og ynskjer gjerne å høyre jegerane sine opplevingar og skildringar under jakta. Men samstundes ynskjer eg ikkje å vera til hinder for jakta. Ikkje alle vert spurde om intervju, sidan eg ikkje har resursar til det. Men nokre håpar eg på å intervju for å kunne få ei djupare innsikt i jegerane sine oppfatningar. Intervjuet vil dreia seg om den einskilde jeger si tilnærming til jakt.

Informasjonen om deg

Alle opplysningar vil verta behandla konfidensielt. Berre forskaren og rettleiar har tilgang til datamaterialet. Datamaterialet vert oppbevart slik at ingen andre har tilgang på det.

Informasjonen som vert henta inn i løpet av jakta, kan ikkje sporast til deg eller til ditt jaktlag, når oppgåva publiserast.

Prosjektet skal etter planen avsluttast 20.5.2015. Alle lydopptak og data som ikkje er med i oppgåva, vert sletta etter dette.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgi nokon grunn, også etter at intervju og observasjon er over.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med Pål Støylen, telefonnummer: 482 67 398.

Samtykke til deltaking i studien

Eg har motteke informasjon om studien, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Til Statskog

Hei

Eg er ein masterstudent i friluftsliv ved Høgskulen i Telemark som er huga på å skrive ei oppgåve om elgjakt. For mange er jakta ei viktig kjelde til friluftsliv og rekreasjon. Det er ein mangfaldig og omstridt aktivitet med mange ulike ideologiar og haldningar. Det er lite samfunnsvitskapleg forskning som er gjort på feltet der jegerane sine oppfatningar kjem til uttrykk. Det er til dette eg ynskjer å bidra.

Eg er interessert i å studera jaktkultur og tilnærmingar til jakt – kva jakta handlar om for dei forskjellige jegerane, og kva dei verdset. Slik kan ein danne seg eit bilete av kva aktiviteten dreiar seg om, og ein kan forstå jegerane med dei ulike utgangspunkta og oppfatningane deira. Det eg ser for meg, er to jaktlag som eg kan studere, eit urbant og eit meir ruralt. Det rurale syner seg overkommeleg for meg å finna. Derimot er det vanskelegare å finna eit som er urbant. Sidan de er i kontakt med forskjellige jegerar, lurar eg på om de kan hjelpe meg å koma i kontakt med eit jaktlag som kan delta i prosjektet mitt. Her set eg stor pris på om de kunne vidareformidle kontaktar til eit jaktlag som passar til kriteria som står under.

Jaktlaget eg ser etter, kjem helst frå byen (i det minste ikkje lokale) og leiger jaktterreng ein annan stad enn der dei bur. Ideell storleik tenkjer eg vil vera mellom fem og ti personar. Og gjerne med både kvinner og menn i laget. Sidan eg bur i Telemark, er det ein klar fordel om jaktlaget jaktar i Telemark. Men eg er villig til å reise andre stader om det er høveleg slik. Det er klart at eit slikt jaktlag som eg skildrar kanskje ikkje er lett å oppdrive. Og då må eg kunne gjera kompromiss med dei kriteria eg har sett.

Dersom det er noko som er uklart, er det berre å ta kontakt. På førehand takk!

Med vennleg helsing

Pål Støylen

Tlf.: 482 67 398